

Hans Ebbing

MOT EIN NY FASCISME? INTERVENSJONAR MELLOM POLITIKK OG FILOSOFI

«Den som ikkje vil snakke om kapitalisme, bør ikkje tale om fascisme»
(Max Horkheimer)

Frå Vietnam til Afghanistan: Massemedia frå 5. kolonne til ny våpengrein

Det var, så vidt eg veit, filosofen *Arild Haaland* som først brukte nemninga *teknologisk fascisme* på det fenomenet som dette stykket handlar om.¹ Utgangspunktet var den massive bombinga av Vietnam med dei store B52-flya som flaug utafør rekkevidda til alt luftvernartilleri på den tida og bruken av kjemiske stridsmiddel frå fly i stort omfang. Denne teknologien gjorde det mulig å føre krig mot andre med minimal risiko for ein sjølv. Det skjedde i den globale maktbalansen si tid under atomparaplyen. I ly av denne kunne kvar av dei to polane i systemet, USA og Sovjetunionen, ta seg fridomar til «mindre» krigar som dei visste ikkje var viktige nok til å utløyse bruken av atomvåpen frå den globale motparten. USA visste at Vietnam ikkje var så viktig at «Vondskapens imperium» ville starte motorane i atomrakettane sine og sleppe den globale vondskapen heilt laus. Høg-bombinga hadde samstundes klare terroristiske trekk ved at ho berre i lite omfang var retta mot militære mål, men mot den sivile og naturlege infrastrukturen til Den nasjonale frigjeringsfronten (FNL) og styrkane frå Nord-Vietnam – jungelen, landområda, rismarkene og elvene.²

Militært sett var denne høgteknologiske strategien ingen suksess. Krigen varte meir enn dobbelt så lenge som Den andre verdskrigen og bruken av sprengkraft frå lufta var vesentleg større på eit mykje mindre område. Like fullt vart FNL og Nord-Vietnam si militære slagkraft halden ved lag. Den sivile infrastrukturen som alltid må ligge til grunn for krigføring, vart svekt, men kompensert med auka forsyningar frå Sovjetunionen. Slik kom Vondskapens imperium inn i krigen gjennom bakdøra.

Intervensjonen frå massemedia avdekte dessutan denne terrorismen slik at USA sin krig til slutt mista legitimasjonsgrunnlaget, ikkje berre i USA, men òg i dei fleste NATO-landa. Media kunne fungere som 5.kolonne. Folk i NATO-landa hadde heilt til denne tid levd i allmenn takksemd til USA for frigjeringa frå nazismen og fascismen under verdskrigen og økonomisk atterreisning med Marshallhjelp og amerikapakkar.

Bløff er eit urgammelt innslag i krigskunsten. Med utviklinga av massemedia fekk bløffen industrielt omfang alt under fascismen og Den andre verdskrigen. Vietnamkrigen var truleg den siste konvensjonelle krigen – utan bruk av atomvåpen – der massemedia enno kunne få funksjonen som 5. kolonne. Dei direkte

informasjonsstraumane, dei raske og tette sambanda mellom menneska på ulike kontinent, medvit om faren for gjensidig utsletting ved bruk av atomvåpen fekk mange til å tru ei stund at krig heretter eigenleg måtte vere umulig.³ I den grad kommersielle massemedia kan falle krigen i ryggen, gjeld det berre ved at dei formidlar nyhende dei i mediakonkurransen ikkje kan underslå – ikkje som sjølvstendige, kritiske instansar. Golfkrigen i 1991 vart derfor på ein heilt annan måte førebudd som ein mediekrig frå Pentagon si side. I staden for å prøve og kneble media og styre dei gjennom politiske direktiv, vart utvalde media no inviterte til å *delta* i krigen gjennom globalt formidla reportasjar frå særskilt reserverte observasjonspostar ringside. Ved krigsførebuingane vinteren 2002/2003 inviterte Pentagon eit stort tal internasjonale journalistar til å dekke den foreståande krigen – mot at Pentagon dekte reise- og opphaldskostnadene. Det nye informasjonsamfunnet som skulle gjere krig umulig, gjorde no krig mulig på nye premissar, der bileta har overtatt informasjonshegemoniet frå orda. Krigen vart meir enn nokon gong før eit virtuelt fenomen, parallellkøyrt med den verkelege krigen og blanda seg med denne, slik at denne kombinasjonen løfta krigen opp på eit «høgare» nivå der virtualitet og realitet ikkje kan skiljast frå kvarandre før i etterkant. Takka vere CNN og andre greidde Pentagon å få gjennomslag i den politiske førestellingsverda for ein ny type krig med fjernstyrte, hygieniske presisjonsvåpen mest utan mannskap, skreddarsydde for reint militære mål: Massemedia som ei ny våpengrein.

Først lenge etter at CNN hadde slutta å referere frå bombinga av Irak, vart det klart at knapt 8% var bombing med «intelligente» presisjonsvåpen, ca 92% med tradisjonell ballistikk med tilhøyrande «feilbombing».⁴ Men då var krigen over og førebuingane til neste runde i gang. Den populære førestellinga om presisjonskrigen hadde med andre ord rot i eit virtuelt fenomen. Ingen må derfor tru at feilbombinga ikkje hadde strategiske eller taktiske føremål. Dei etterfølgjande «presisjonskrigane» på Balkan og i Afghanistan kan tvert om tyde på at bomskota var omtrent så presise som dei var meint å vere, i media kamuflert som *collateral damages*, tilfeldige sideverknader.

Det faktum at over 90% av Milosevic sine bakkestyrkar var intakte då dei måtte kapitulere i juni 1999 og trekte seg ut av Kosovo i ordna geledd, fortel oss at det ikkje var NATO sine fulltreffarar mot militære mål, men tvert om dei «tilfeldige» bomskota mot sivile mål som avgjorde krigen. For etter kvart som krigen skreid fram og det vart klart at ein direkte militær siger ikkje var mulig, prøvde ein ikkje lenger løyne at ein faktisk stilte rakettane inn på sivile mål – industrier, kommunikasjonsliner, bruer på ein heilt annan kant av landet (i nord) enn der dei militære kampane skulle gå føre seg (i sør). I tillegg heldt NATO fram med å bombe sivile mål i ei veke etter at Milosevic hadde kapitulert og dei jugoslaviske styrkane var i ferd med å dra seg ut – dette i seg sjølv eit grovt brot på Genèvekonvensjonane som regulerer krigen sin lov (*jus in bello*), men av lita interesse for dei frie massemedia. Sidan etterbombinga ikkje kunne ha militære omsyn, må den ha vore styrt av reint humanitære siktemål.

Frå lufta ned på bakken

I Golf-krigen vart om lag 150.000 irakarar drepne, ca. 25-50.000 av desse var soldatar under tilbaketog frå Kuwait. Saddam Hussein sine bakkestyrkar vart overvunne ved at soldatar «i tusenvis» vart gravlagde meir eller mindre levande i ørkensanden av amerikanske tanks med store plogar som skufla sanden føre seg etter at irakiske tanks var skotne i stykker frå lufta.⁵ Det var denne lågteknologiske taktikken som avslutta den høgteknologiske krigen i første omgang.

Men i Kosovo-krigen gjorde eit flyvåpen – tilsynelatande – noko det aldri tidlegare hadde gjort: Vinne ein krig utan bruk av bakkestyrkar, viss vi ser bort frå innsatsen til fridomskjemparane i UCK/KLA. (Så seint som i 1998 hadde dei enno status som terroristar i den offisielle US-retorikken). Om det var UCK som var NATO sine bakkestyrkar eller NATO som var UCK sitt flyvåpen, er avhengig av kven sitt perspektiv ein legg til grunn. Poenget er at desse to perspektiva ikkje motseier, men stør opp under kvarandre. For uansett korleis ein vurderer dette, stadfester UCK-innsatsen at sjølv den meste moderne krig frå lufta må ende opp med eit herredømme på bakken, viss han i det heile skal vere «meningsfull». NATO sin strategiske hovudpine var om alliansen vart tvungen til å sette inn sine egne bakkestyrkar, eller om UCK var tilstrekkeleg. Men sjølv med denne strategiske modifikasjonen framstod bombinga av Jugoslavia som eit nytt steg i utviklinga ikkje berre av moderne krigføring, men òg av fenomenet teknologisk fascisme.

Tilsvarende med den amerikanske suksessen i Afghanistan: Utan Nord-alliansen sine troppar på bakken, ville den militært sett risikofrie bombinga av så vel sivile som militære Taliban-mål, ha vore tilnærma meningslaus, med mindre USA/NATO sjølv gjekk tungt inn med bakkestyrkar, eit politisk vågestykke som andre har prøvd før utan hell.

Krig for eit nytt tusenår

Den offisielle suksessen med presisjonsbombinga i Afghanistan er samstundes ein klar indikasjon på at feilbombinga av sivile mål i dei to nemnde krigane på 90-talet ikkje var så heilt feil likevel. Dei sivile, i stor grad industrielle strukturane i Irak og Jugoslavia var mykje meir utvikla og viktige for moderne krigføring enn i Afghanistan, som dessutan alt var alvorleg svekt gjennom 21 år med krig før 11. september. «Feilbombinga» var strategisk sett mykje viktigare i dei to første krigane enn i den siste. For i den offisielle retorikken i Washington enno medan bombinga i Afghanistan heldt på, nådde krigen her «*et helt nytt raffinert nivå*» samanlikna med Kosovo-krigen:

«De siste månedene har det amerikanske militæret gitt en demonstrasjon på hvordan kriger kan utkjempes i et nytt årtusen, der skytterens skarpe øye er skiftet ut med datachips, laserstråler og usynelige satellitter. Det er en utvikling som verden fikk en forsmak på under Golfkrigen for 11 år siden.

Den fortsatte med innsatsen mot Slobodan Milosevic og hans bander i Kosovo, men har i Afghanistan nådd et helt nytt raffinert nivå».⁶

Innsatsen av intelligent skyts var no komen opp i 60% av alle avfyrte salvar. Kampen mot Taliban vart avgjort ved ordre som vart tasta inn på datamaskiner i kommandosentralar som låg tusenvis av kilometer borte. «Guds soldatar klaga bittert over at dei aldri fekk sjå den fjerne fienden inn i augo».⁷ I essaysamlinga *Til forsvar for kannibalisme* sette Arild Haaland fram den etiske grunnsetninga for krigføring at ein ikkje burde drepe fleire menneske enn det ein sjølv kunne ete.⁸ I samsvar med Taliban sin fundamentale etikk, burde ein ikkje drepe andre fiendar enn dei ein sjølv kan sjå beint inn i augo. Til liks med kannibalane ville ein slik før-moderne krigsmoral redusere krigen sine redsler meir enn all moderne krigsmoral til saman med sine humanitære intervensjonar til forsvar for sivilisasjonen, menneskerettane, demokratiet og den frie marknaden, kort sagt *våre verdier*.⁹

Desse verdiane blir fremja med av krigføring «på et nytt raffinert nivå», som dermed blir ein verdi i seg sjølv. For nettopp det *raffinerte* ved han – oppheving av faren for gjengjeld – snarare understrekar det *fascistoide* karakterdraget, heva over det menneskelege og modererande momentet som ligg i å måtte møte fienden sine lidningar andlet til andlet, eller måtte ete han etterpå.¹⁰ Denne slags teknologisk og organisatorisk distanse til offera var i si tid ein viktig føresetnad for Holocaust under nazismen. Den skitne, risikofylte jobben med å rydde opp på bakken med fare for egne liv kan representanten for Den vestlege sivilisasjonen, NATO-alliansen, då heilt overlate til andre, mindre hygieniske krefter, som UCK/KLA eller Nordalliansen. På grunnlag av den nye krigsteknologien og den strategi den gjer mulig, kan den globale eliten i langt større grad enn tidlegare løfte seg over dei trivielle forpliktingane på bakken under krigen – og ikkje minst etterpå. Slik oppnår den ein distanse som ingen tidlegare elite har oppnådd til dei lidingane den gir støyten til, og gjer seg di meir immun mot korrektiv nedanfrå.

«Vår forakt for svakhet»

I følgje Folkerettsdomstolen i Haag er bruk av atomvåpen i strid med Folkeretten. Atomvåpna kan berre brukast til *åtak* mot andre – altså til den type krig som Folkeretten vil hindre, ikkje til forsvar på eige område. Dei er av natur offensive våpen. Ikkje ein gong «små», taktiske a-våpen kan brukast til forsvar på eige territorium, berre på *dei andre* sitt, på trygg fråstand frå den som sit med utskyttingsknappen. Derfor har USA, ikkje (Vest-) Tyskland, alltid hatt herredømmet over atomraketane som har vore utplasserte i Tyskland. Og då radioaktiviteten kjenner ingen landegrensar, vil den i neste omgang råke samfunn som er heilt uskuldelege i forhold til den konflikten som sette krigen i gang.

Like fullt er atomvåpenstrategien ein institusjon, sjølve grunnlaget for USA/NATO-alliansen, den avgjerande ryggdekninga for alle andre former for

krig, ikkje minst dei *out of area*. Den er på ein avgjerande, global måte retta mot *dei andre* og uttrykkjer slik ein maktpolitisk arroganse som tidlegare ikkje var mogleg i global samanheng. Her i frå er ikkje vegen lang til det som Arild Haaland sin kollega frå Bergen, *Harald Ofstad*, såg som sjølve kjernen i den nazistiske ideologien, den mest ekstreme forma for fascisme til i dag: *Vår forakt for svakhet*.¹¹

Atomvåpenstrategien globaliserte forakta for veikskap langt ut over nazistane sin horisont og konstituerte slik et nytt politisk *vi* i ein global samanheng. Det er eit slikt «vi» Ofstad viser til når han talar om *vår* forakt for svakhet. Slik forakt inneber ei elitistisk sjølvforståing med ryggdekning i atomvåpen og ein stadig meir dynamisk teknologiutvikling, fullstendig integrert i all produksjon, kommunikasjon og alt forbruk i dei industrielt leiande landa, kort sagt i heile «vår» moderne livsverd. Denne ryggdekninga gjer ei kvar førestelling om *rasemessig* overlegenheit *overflødig* for eit fascistisk prosjekt. Suveren maktbruk og forakt for veikskap blir to sider ved samme sak. Maktbruk med suverene, raffinerte middel stadfester eliten si forståing av seg sjølv som elite. I denne elitismen ligg det òg ein sjølverklært rett, fridom, til å blande seg inn i den svake sine saker og dermed ein rett til å suspendere gjengse, lokalt forankra moralske normer til fordel for endå høgare, *globale* verdiar. Det globale forsvaret av fridomen blir derfor viktig. Den globale *fridomen* til Det frie Vesten er, sett frå *dei andre* sin synsstad, derfor ikkje noko anna enn ei omskriving av den overlegne makta, hegemoniet. I den siste fasen av globaliseringa etter at Sovjetunionen forsvann, blir desse brota på gjengs moral transformerte til ei universell form for etikk, til handfast, forpliktande humanisme i form av humanitære intervensjonar og forsvar for høgare verdiar med intelligente våpen og frie massemedia.

Filosofiske intervensjonar: Teknikk og vitenskap som «ideologi» – Produktivkreftene sin transcendent

Om lag samstundes som Haaland lanserte begrepet om teknologisk fascisme under Vietnamkrigen, introduserte *Jürgen Habermas* begrepet om *teknikk og vitenskap som «ideologi»*. Med det meinte han at teknikk og vitenskap legg føringar for korleis «vi alle» har ein tendens til å tenke også utafør teknologien og naturvitenskapane sitt felt.¹² Moderne teknologi kan berre fungere som eit samhengande, naturvitenskapleg basert system av teknikk og kunnskap der eit hav av ulike teknikkar er fletta inn i kvarandre. Dei utgjer ein heilskap av produktivkrefter, faktorar som aukar så vel arbeidsproduktiviteten i samfunnet som alt forbruk av natur og menneske. Denne heilskapen med alle sine synergjar i samspelet mellom dei ulike teknikkane og dei sosiale rammevilkåra overskrir alle forsøk på å sette han på begrep. Han vil derfor alltid by på overraskingar og utilsikta verknader på samfunnsutviklinga, ei innsikt Marx var den første til å sette på begrep. Produktivkreftene viser ut over seg sjølve, dei har, for å nytte ein

filosofisk ordbruk, ein transcendens som «sprengjer» dei sosiale rammevilkåra, «produksjonsforholda», som dei i utgangspunktet er hyste inne i og endrar desse.

Også når det gjeld den måten «vi» forstår oss sjølve på, verkar produktiv-kreftene inn. Ved sine funksjonar i produksjonen, i den administrative forvaltninga og i kommunikasjonen mellom menneska påverkar teknikk og vitskap i sin tur tenkemåten til «alle» langt ut over det vitskaplege, tekniske feltet og gir denne tenkemåten ein universell prestisje. Når samfunnet blir stadig meir teknologisert, erobrar teknologien sjølve kunnskapsbegrepet og einsrettar det med dei følgjer dette har for sjølvforståinga «vår».¹³

I følge Habermas blir kunnskapen no dominert av *ein* dimensjon, det å vinne politisk og sosial kontroll over omgivnadene om lag på same måte som ein vinn kontroll med naturen gjennom strengt årsaksforklarande eksperimentelt basert kunnskap om han. Teknologien skaper eit universelt paradigme for rasjonalitet. Etter Habermas si oppfatning er dette eigentleg ein redusert rasjonalitet som er blind for dei dimensjonane som vi finn i den dialogiske, ekte forståande og frigjerande kommunikasjonen mellom menneska. Desse dimensjonane blir overdøyvde av teknikk og vitskap som «ideologi».

Sivilisatorisk arroganse

Habermas har rett når han, i samklang med ein historisk materialisme, framhevar den ideologiske, *normative* verknaden av denne forma for rasjonalitet. Den høge *status* som den teknisk-naturvitskaplege rasjonaliteten har i «våre» samfunn, Vesten, er eit *faktum* ingen kan nekte for, uavhengig av korleis ein elles vil forklare at dette faktum er komen i stand. Denne statusen er ikkje ein eigenskap ved teknikken isolert sett, men ein effekt, ein «verdi», han får gjennom sin bruk og oppgåver i samfunnet. Den teknisk-vitskaplege tenkemåten er dermed blitt eit konstituerande moment ved «vår» *hegemoniske* sivilisasjon, når vi hevdar *our way of life* opp mot *dei andre*. Sjølve sivilisasjonsbegrepet er hegemonisk og ekskluderande. Det teknologiske overherredømmet til Vesten har sitt uttrykk i ein *teknologisk-kulturell arroganse*.

Dette hovmodet manifesterer seg meir som ei *haldning*, enn som eit uttrykt livssyn. Det er primært habitueelt, ikkje først og fremst ein uttalt etikk eller eit artikulert verdisystem, «ideologi» i tydinga livssyn eller samfunnssyn, sjølv om han også finn mange direkte uttrykk, til dømes i dei historielause, dogmatiske og propagandistiske retorikkane kring Sivilisasjonen, Menneskerettane, Demokratiet, Marknaden osv.¹⁴ Avstanden frå haldning til politisk handling er ikkje då lang. Vesten har til dømes berre edle motiv for si moderne krigføring, Fred og Menneskerettar, øydelegging av *andre* sine masseøydeleggingsvåpen (ved hjelp av våre egne, meir raffinerte) og munnar ut i ein sjølvtsagt rett til å intervensere *out of area* (i praksis austover og sørover). Dette er nedfelt i Nye NATO som ei strategisk sjølvfølge.

Ei slik sjølvnøgd kan berre oppstå og overleve som politisk forståingshorisont på grunnlag av noko som blir opplevd og erfart som sjølvsgagt og naturleg i Vest. Det teknologisk-økonomiske overtaket og medvitet om dette, internalisert til eit kollektivt undermedvit på tvers av alle sosiale skiljeliner og statsgrenser og demonstrerer på nye historiske premisser at dei herskande tankar er dei herskande sine tankar. Dette undermedvitet er ei sams referanseramme for alle «våre» observasjonar av, og tankar om framande kulturar, *dei andre*. Desse kulturane er di meir framande som dei er teknologisk-økonomiske underlegne. Det habituelle hovmodet konstituerer ein politisk psykologi.

Den livsforma som arrogansen er eit drag ved, har sitt grunnlag i eit økonomisk konkurranseregime som er drivfjæra bak den teknologiske utviklinga. I *dette* regimet er ikkje teknikk og vitskap primært «ideologi», men nettopp produktivkraft ved si kopling til alle former for lønsarbeid og «tenester». Det høgteknologiske Japan, som er minst like framand for oss i språk, religion, sed og skikk som Egypt eller Afghanistan, er derfor ikkje i same grad *den andre* for «oss» som Egypt eller Afghanistan. Japan er nesten ein del av Vesten sjølv om det ligg aller lengst i Austen. Japan godtar derfor å vere med på å finansiere Vesten sine krigar utan sjølv å delta direkte i dei.¹⁵ På dette sams grunnlag kan arrogansen komme til uttrykk i meir eller mindre (u)like politiske ideologiar som elles konkurrerer med kvarandre: Sosialdemokratane Blair, Schröder, Stoltenberg, Jospin, den grønne Fischer, den kristeleg-demokratiske Bondevik, den lysebrune, halv-mafiøse Berlusconi og den olje-militært-industrielle Bush.

Gamal versus ny fascisme – Mellom politisk psykologi og politisk økonomi

Forakta for andre sin veikskap kan i det høg-moderne, etter-nazistiske tilfellet ikkje vere direkte rasistisk. Den rettar seg mot dei andre sitt *teknologisk-kulturelle* mindreverd som ein har rett til å rydde av vegen for eigen ekspansjon. Denne retten kan sjølvsgagt ikkje lesast ut av teknologien sjølv. Den blir heller ikkje grunnlagt eller rettferdiggjort av nokon filosofi om overmenneske eller erklært elitetenking, slik som i den klassiske fascismen og nazismen som rangerer menneska ut frå *ulikskap*, rase, nasjonalitet eller stand. Tvert om – den nye fascismen utfaldar sitt overlegne forhold til *dei andre* gjennom eit språk om universell *likskap* mellom menneska, om menneskerettar, sivilisasjon, demokratiske verdiar, og ikkje minst om frie marknader med si innebygde førestelling om den universelle, likeverdige konkurransen. Den rettferdiggjør at nokon blir taparar og andre vinnarar som noko godt og rett i seg sjølv.

Også i sin nazistiske variant bygde fascismen på eit høgt utvikla system av produktivkrefter, økonomisk konkurranse og kapitalakkumulasjon: Berre på basis av eit teknisk-økonomisk overtak i forhold til nivået i dei store aust-europeiske områda eller hos folka i koloniane kunne førestellinga om ein overlegen germansk rase i det heile få grobotn og overleve som *politisk massepsykologi* under moderniteten, som råvare for utviklinga av ein nazistisk rase-

teori, eller for den kvite rasen generelt, eller for ei forvridd sjølvforståing i den globale overklasseminoriteten, vesentleg i dei germanske og anglosaksiske områda.¹⁶ I dette stykket – økonomisk konkurranse, kapitalakkumulasjon og teknologi som produktivkraft – er det ingen avgjerande historisk skilnad mellom Hitlers fascisme basert i førestellingar om *ulikskap* og ein liberalistisk fascisme basert i førestellingar om *likskap* mellom menneska.¹⁷

Dessutan har dei historiske røynslene med fascistiske raseteoriar i seg sjølv gjort retorikkar om ulikskap mistenkelege i dei opplyste, politiske elitane – også i krinsar som elles heilt naturleg føler i slike banar utan å våge å artikulere desse kjenslene i form av politiske ideologiar. Rasebegrepet var eit akseptert vitskapleg begrep heilt fram til Den andre verdskrigen. Ein ting er at fascismen sitt nederlag sette rasebegrepet i miskreditt reint generelt. Noko anna er det likevel at nettopp gjennom utviklinga av *ny* vitskap og teknologi, biologi og genetik, altså produktivkrefter, er sjølve rasebegrepet i ferd med å gå i oppløysing så og seie «innanfrå». Det som skil menneska frå kvarandre biologisk, er ikkje raseulikskap, men kombinasjonar av gen. Og gena kan på si side berre observerast indirekte gjennom bruk av nye teknikkar. Takka vere ny vitskap er rasene fordufta i mikrokosmos og deretter forsvunne som opplyst, offisiell storleik i vårt politiske, demokratiske makrokosmos. (Berre overfor hundar og andre husdyr er rasebegrepet enno tillate.)

I tillegg til den retoriske sjølvsensuren etter 1945 har den teknisk-økonomiske utviklinga gjort ein kvar raseteori ikkje berre gamaldags, men rett og slett *overflødig* for den offisielle sjølvforståinga i dei mest utvikla landa. Rasane er erstatta av det framandkulturelle, det etniske osv. I den offisielle retorikken, slik den blir uttrykt i dei politiske *elitane*, ikkje minst internasjonalt, er sjølv slike referansar på kanten. Det er sjølv sagt umulig for ein vestleg politikar å snakke like fritt om dei framandkulturelle i FN si Hovudforsamling som i den heimlege nasjonalforsamlinga. I FN er dei kvite, vestlege representantane dessutan i klart mindretal slik at spørsmålet om kven som er framand for kven, kven som eigenleg er *den andre*, blir notorisk forvirrande. I FN og elles må den vestlege eliten forhalde seg fornuftig og pragmatisk til politiske representantar for *dei andre*, som regel tidlegare koloniland, for i det heile å kunne utvikle føremålstenlege alliansar for seg sjølve.

Men dei politiske elitane i Vesten er ikkje truga på same måte av dei daglegdagse, sosiale problema som blir assosierte med dei framandkulturelle innvandrarane, slik som arbeidsløyse, forslumming, organisert kriminalitet over landegrensene. Eliten kjøper seg ut av slike samanhengar. Dei er heva over årsakene til framandfrykta, og dermed over sjølve framandfrykta. Dei globale marknads- og utbyttingsforholda som er dei verkelege årsakene til desse problema, forstår elitane følgeleg som dei krefter som frigjer verda frå naud og slepp demokratiet laus: Marknaden. Slik er den globale homøopati: Meir marknad frigjer oss frå følgjene av marknaden.

Ideologisk arbeidsdeling

Det er oppstått ei funksjonell, ideologisk arbeidsdeling mellom elitane sin rasefrie, internasjonalistiske marknadsretorikk med utgangspunkt i menneskerettane på den eine sida og dei lågare, meir folkelege politiske nivåa sin retorikk på den andre, med innslag av ulike former for populisme, der rasismen finn nye, ikkje-rasistiske vegar. Den uoffisielle, funksjonelle rasismen i arbeidsmarknaden er eit viktig utgangspunkt for splitt og hersk – eit konkurransemoment for arbeidskjøparane – for å halde prisen på arbeidskraft nede. For den tradisjonelle fascismen sitt massepsykologiske grunnlag i frykt for arbeidsløyse og sosial deklassering er stilleteiane enno til stades i fullt mon.

Når Vesten sin (kvite) sivilisatoriske suverenitet kjem til uttrykk som eit teknisk-vitskapleg overtak, blir førestellinga om dei kvite si overlegenheit stadfesta utan at hudfargen blir artikulert. Skilnaden mellom overtak og overlegenheit her er at det siste er ein ideologisk effekt av eit konkret styrkeforhold, overtak, i konkurransen. Det er tilstrekkeleg, ja, beint fram nødvendig at rasebegrepet med sitt innebygde over- og underordningsforhold er ikkje-artikulert, men di meir underforstått. Alle kan jo likevel *sjå* at det er forskjell mellom ein afrikanar, ein pakistanar og ein kvit euro-amerikanar. Rasebegrepet lever stilleteiane vidare i blikket som ser – eit blick som vart historisk konstituert gjennom kolonialismen.¹⁸ Den vitskaplege oppløysinga av rasebegrepet fjernar ikkje det «naturlege» rasebegrepet i vår vestlege livsverd som er blitt til gjennom fleire hundreår med kolonivelde, globale marknader og utbyttingsforhold, krigar, fordriving, utrydding av folkeslag og imperialisme.

Når den italienske statsministeren, Silvio Berlusconi, etter 11. september kunne plumpe ut med ei erklæring om at den vestlege sivilisasjonen er overlegen i forhold til den muslimske, var dette, så ærleg og «sant» (= i samsvar med folkemeininga, ikkje berre i Italia) det enn måtte vere, høgst upassande og måtte raskt bortforklarast av andre representantar for den politiske eliten i EU. Og president Bush kan på si side både åtvare mot generell hetsing mot muslimar i USA og samstundes dra vekslar på den frykta for det framande, den muslimske verda osv., som er så viktig for å fyre opp under den patriotismen som avgrensar USA frå *dei andre* – det massepsykologiske grunnlaget for den nye og friske fasen i USA sin politikk etter 11. september.

Internt i det kvite Vest sørgjer den sosiale ulikskapen og konkurransen kvar dag for å gi nytt liv til dei ideologiane som spring ut av dei hierarkiske strukturane i arbeidslivet og i det sosiale livet elles med all sin strevarmentalitet som følgjer med på lasset. Autoritetstrua og behovet for leiarskap er til stades mest over alt, og meir til stades når dei solidariske og demokratiske haldningane er på retur, som når marknadsliberalisme erstattar statlege reguleringar og «blandingsøkonomi» og fortrengrer sosialdemokratiske og sosialistiske haldningar. Også innetter i dei (tidlegare) demokratiske politiske partia konstituerer det seg stadig tydelegare eit (medieformidla) *hoff* rundt leiinga¹⁹ – ein mekan-

isme som i si tid vart reindyrka og sett i system på ein direkte, brutal måte så vel ideologisk som organisatorisk i det fascistiske partiet rundt rørsla sitt sentrum: Der Führer, il Duce, el Generalissimo.

Den moderne leiarskapen blir likevel ikkje artikulert ope som behovet etter den sterke mann, men reint funksjonelt: Behovet for effektiv, resultatorientert leiing, med sikte på å vinne flest mulig røyster i den politiske konkurransemarknaden. Leiarskap i næringsliv og statsforvaltning blir sett på som ein eigen profesjon (leiing som organisatorisk produktivkraft) – medan leiarskap i politikken framleis blir oppfatta som ei gåve, ein karisma. Ved nærare ettersyn viser det seg at heller ikkje denne gåva eit naturprodukt, men produsert og tilpassa innafør nye produksjonsforhold for politiske førestellingar, dei kommersielle, stadig meir globale massemedia. Gjennom desse forstår den moderne politiske leiaren seg meir som aktør som vender seg til «folket» (tv-sjåarane) *direkte* enn som tillitsvald for bestemte interesser. Slik blir det fascistoide forholdet mellom «elite og pøbel» konstituert på nytt – utan hjelp frå ei fascistisk masserørsle med eit fascistisk parti som motor og ein førar som leiestjerne.

Ulikskap som likskap

Desse tradisjonelle og lys levande autoritetsmekanismene er altså ikkje typiske for den nye forma for fascisme, sjølv om dei stør opp under han. Den nye fascismen artikulerer seg politisk og ideologisk som marknadsliberalisme. Denne artikuleringa er i utgangspunktet ikkje populistisk, men eit elitefenomen som er lett å foreine med ein retorikk om menneskerettar. Liberalismen har jo det filosofiske utgangspunktet sitt i førestellinga om at vi alle er like, og er slik ein av sosialismen sine filosofiske røter. Denne likskapen gjeld ikkje berre når vi blir fødte, slik som hos John Locke (1632-1704) eller i Den amerikanske sjølvstendeerklæringa der *All Men Are Born Free*. Liberalismen sin genialitet ligg nettopp i det at utgangspunktet for førestellinga om likskapen reproducerer seg sjølv kvar dag – i *marknaden*, i *konkurransen*. Ifølgje nyliberalismen blir jo alle menneske i dei samfunna der den frie marknaden rår, behandla prinsipielt likt av denne, uavhengig av rase eller hudfarge. Marknaden er i *prinsippet* ikkje-diskriminerande. Tap og vinst er to sider ved samme sak, to verknader av den samme mekanismen som gjeld likt for alle. At nokon dermed blir taparar og andre vinnarar er derfor både *rettferdig og nødvendig*. Den ulikskapen som er tillate og nødvendig i liberalismen er berre den ulikskap som har rot i «rettferdig konkurranse», det vil seie ein konkurranse som skjer «under elles like vilkår» etter at alle privileg og konkurransevidande forhold er fjerna. Konkurransen, som skapar ulikskap, er rettferdig nettopp ved at han i «si reine form» utfaldar seg likt for alle. Ulikskap er altså eit resultat av rettferdig likebehandling.

Det seier seg sjølv at ein filosofi som kan rettferdiggjere ulikskap som uttrykk for ei djupare form for likskap, ikkje kan vere noko populistisk produkt. Førestellinga om marknaden i si «reine form» som «prinsipielt» ikkje-diskrimin-

erande er eit aksiom som den liberalistiske økonomien bygger på. Det einaste som «i prinsippet» betyr noko i marknaden, er kor mykje kapital og kva slags form for kapital individa har når dei blir fanga inn av marknadslogikken. Og kapital er utan tvil ein rasenøytral, tingleggjort storleik.

I følgje John Locke er det ein menneskerett å ha privat eigedom. I dette stykket er vi alle like. Men av dette følgjer ikkje, seier han heilt rett, at alle har rett til like mykje eigedom!²⁰ Med George Orwell sine ord: «Vi er alle like, men nokre er meir like enn andre».²¹ Ein konsekvent liberalist i førre hundreåret, ein av grunnleggarane av moderne marknadsliberalisme, Chicago-skolen, Friedrich von Hayek, tar liberalismen heilt ut når han hevdar at «ulikskap er ikkje beklageleg, men høgst oppmuntrande. Den er rett og slett nyttig.»²²

Diskré sjarm

Den makta som spring ut av eigedomsforholda i samfunnet, eller av den politiske makta som regulerer rammevilkåra for marknaden, er tilsynelatande forsvunne i denne tenkemåten. Når individa som aktørar i marknaden er heilt utan rase- og kjønsmessige kjenneteikn, vil heller ikkje forholdet mellom tilbod og etterspørsel late seg påverke av hudfargen eller kjønnet til tilbydar og etterspørjar, berre av deira kjøpe- og tilbodskraft. I dei landa der førestellinga om likskapen mellom menneska er mest utvikla, er dei politiske følgjene av at menneska blir fødte inn i ulike sosiale og historiske samanhengar, mest konsekvent fråverande både i offisiell retorikk og økonomisk teori.

Omvendt er politiske tankar som har sine utgangspunkt i erkjening av sosial ulikskap og utbytting, vanskelegare å utrydde i land med store sosiale forskjellar og motsetnader. Overtydingskrafta, sjølve sanninga i førestellingane om ein *universell* likskap mellom menneska, er med andre ord betinga av dei *spesifikke*, ikkje-universelle sosiale omgivingane som desse førestellingane opptre i. «Teorien» om den frie marknaden der alle konkurrerer på like vilkår, kan berre dominere i slike samfunn som har *strategisk særinteresse* av den frie konkurransen andsynes andre samfunn, altså i dei samfunna der *produktivkreftene* er mest utvikla, den økonomiske konkurransekrafta er størst og der det finst sosiale klasser som ser sine interesser best tente med ein politikk som fremmer dei klasselause, universelle marknadsmekanismene slik at desse særinteressene ovrar seg *spontan* – utafør einkvar politisk kontroll – som «heile samfunnet» sine interesser.

Marknadsliberalismen blir på dette viset eit ideologisk og politisk uttrykk for ein overlegen konkurranseposisjon for visse samfunnsinteresser. Liberalismen lovprisar vanlegvis ikkje den sterkaste direkte, men den mekanismen som framfor noko anna skaper vinnarar og taparar, sterke og veike, konkurransen. Innafor ein slik horisont ovrar vår forakt for svakhet seg ikkje direkte som forakt for veikskap, men som ein universell *vilje til konkurranse*. *Dermed lovprisar den eit aksiomatisk forhold mellom styrke og veikskap.*

Samanfallet av makt og rett står sentralt i alle former for fascisme, både som teori og praksis. Det er eit sentralt poeng i den økonomiske liberalismen at berre økonomisk «rein» makt i marknaden, marknadsmakt basert på fri konkurranse, gir dei økonomiske aktørane legitim *rett* til å fastsette prisane på varene og dermed bestemme fordelinga av dei utafor einkvar politisk samanheng. (Politikken kjem i høgda inn berre som eit forstyrrende, men «nødvendig» tillegg til marknadsmekanismen, som ein minimumsstat.) Den fascistoide identiteten mellom makt og rett, som i den historiske fascismen artikulterer seg som politikk, blir i liberalismen artikulert som økonomisk mekanisme og ideologisk som fridom, næringsfridom, frihandel, frie kapitalrørsler. Makt og fridom blir to sider ved same sak, eit privilegium for dei sterkaste. Marknadsmakt er menneskerett.²³

Marknadsliberalismen er dermed umerkeleg blitt den moderne fascismen sin politiske ideologi, fascismen sin diskre sjarm, ein fellesnemnar for moderne ideologiske nyansar og straumdrag som konkurrerer med kvarandre innafor ein slik horisont. Den er i samsvar med den globale eliten sitt behov for å ha distanse til og heve seg over dei sosiale problema som «marknaden» med tilhøyrande krigshandlingar *out of area* skapar lokalt hos *dei andre*. Marknaden med sin nakne, universelle mekanisme med forholdet mellom tilbod og etterspurnad viskar ut den sosiale nauda som følger i kjølvatnet av dei globale byte- og utbytteforholda. Begrep om slike relasjonar er det rett og slett ikkje plass til innafor den moderne liberalismen anna enn som etikk på sida av den verkelege, politisk-økonomiske praksisen. Den siste tida sine mange rop på ein «etisk kapitalisme», med «etisk handel» og «etiske investeringar», er heilt utan verknad på kva som verkeleg går føre seg i den universelle marknaden, samstundes som det gir eit varsel om eit djupare «ubehag ved kulturen».²⁴

Medan klassisk liberalisme hos John Locke, Adam Smith eller David Ricardo var meir eller mindre revolusjonær og samfunnskritisk for si tid, er dagens marknadsliberalisme direkte knytt til utfalding av dei dominerande økonomiske interessene og til dei politiske, institusjonelle vilkåra for økonomisk makt. Då Verdsbanken orienterte seg sterkare mot nyliberalismen etter samanbrotet av Bretton Woods-systemet, oljekrisa og kuppet i Chile 11. september, vart 29 av banken sine 37 leiande økonomar sagt opp frå stillingane sine fordi dei hadde for sterke bindingar til keynesianismen med sine statsinngrep i samfunnsøkonomien («blandingsøkonomien»)²⁵ Dette var som kjent teorien bak «velferdskapitalismen». Men det var først etter fornyinga av liberalismen av ein akademisk elite gjennom Chicago-skolen frå om lag 1945, at han seiv ut til dei økonomiske og politiske praktikanane. Denne spreinga av marknadsevangeliet skjedde ikkje i kraft av ei innebygd, sjølvstendig rasjonalitet, men i kraft av sitt inderlege forhold til dei interesser som får spele seg friare ut under nye ideologiske og politiske strykeforhold til kapitalkreftene sin fordel. Desse interessene treng alltid ein ideologi som legitimerer dei innafor det nye styrkeforholdet slik at ideologien kan feste seg i språket som begrepshegemoni.

Endeleg viser denne historia at marknadsliberalismen sjølvsgagt ikkje er eit produkt av marknaden si «usynlege hand», men av ei svært så synleg forskuving av politiske og ideologiske strykeforhold, først i Latin-Amerika og inneret i Vesten, seinare globalt.

Usynlege og synlege hender

Marknaden er ein dynamisk storleik. Difor kjenner den «i prinsippet» ikkje nokre grenser. Marknaden sine problem og utfordringar i den *verkelege* verda let seg likevel ikkje løyse berre ved hjelp av marknaden sine eigne mekanismar. For i røynda er det grenser til stades, som ein ikkje kan forstå innafor ramma av tilbod og etterspurnad. Dei er geografiske, politiske, kulturelle og strukturelle. Dei må overvinnast eller enkelt ryddast av vegen. Sjølv utviklinga av den høgmoderne, globale marknaden føreset framleis erobring av nytt territorium, eller av politiske institusjonar og maktposisjonar, slik utvidingar av marknaden alltid har gjort: vinne kontroll med ressursar ved bruk av makt utafør marknaden. Politikk, om nødvendig med krig som politikken si forlenging, er marknaden sin føresetnad, no som før. Den usynlege handa i marknaden har alltid hatt ein knyttneve i politikken.

I moderne tid er forståinga av samanhengen mellom den usynlege handa og den politiske knyttneven klårast demonstrert ved nyliberalismen sitt strategiske gjennombrøt i Chile 11. september 1973. Det var Chiles 11. september, ikkje New Yorks, som konstituerte eit *før* og eit *etter* denne datoen i den vestlege kapitalismen. Eit sosialdemokratisk, for ikkje å nemne eit sosialistisk Chile med ei levande fagrørsla under Allende ville sjølvsgagt ha vore mykje farlegare for USA enn eit isolert Cuba under Castro. Så utan Pinochet sin kontrarevolusjon ville USA ikkje kunne hatt kontroll med Latin-Amerika like lett.

Men akkurat dette, å knuse arbeidarrørsla i eit demokratisk, latinamerikansk land, peikte ikkje framover på ein offensiv, ny måte, sett frå Washington. Det måtte eit nytt perspektiv, ein ny økonomisk strategi, til. Med andre ord – utan marknadsliberalisten Milton Friedman og Chicago-skolen sin Heilage Ande, ville general Augusto Pinochet si likvidering av det chilenske demokratiet berre blitt eit nytt kapittel i føljetongen om militærkupp i Latin-Amerika, utan ei ny, frigjerande strategisk meining. Og knusing av fagrørsla og arbeiderpartia er, som vi veit, det første lærestykket i fascismen sin ABC for statsmakt – med andre ord eit perfekt samanfall mellom gamaldags og moderne fascisme. Og kven veit: Utan Pinochet og Friedman, inga Margareth Thatcher, ingen konsekvent marknadsliberal *praksis* i konfrontasjon med ei stadig svakare fagrørsla i resten av Vesten? Sjølv utan å kunne svare på dette, ser vi ein større samanheng.

Nasjonal-globaliseringa: «Gi krigen ein sjanse»

Nazistane sitt viktigaste grep for å øydelegge sosialismen var å snu han opp ned, gjere han nasjonalistisk med front mot *dei andre*. Den amerikanske spaltisten,

Thomas L. Friedman i *New York Times*, uttrykte seg slik 28. mars 1999 under Kosovo-krigen: «Å framskunde globaliseringa er vår overordna nasjonale interesse Globalisering-er-USA».

Globalisering er altså ei *nasjonal* sak. Globalisering er då eit institusjonelt system for marknadskontroll med *andre* nasjonaløkonomiar over heile kloten. Territorial kontroll er berre eit middel til å oppnå dette. Det føreset, seier Friedman, «ein stabil geopolitisk maktstruktur, som rett og slett ikkje kan haldast ved lag utan USA sitt aktive engasjement ... Marknaden si usynlege hand vil aldri fungere utan den usynlege knyttneven. McDonald kan ikkje blomstre utan McDonnell-Douglas, som konstruerer F-16 flya. Og den knyttneven som gjer verda trygg for bruken av teknologien frå Silocon Valley, heiter US Army, US Air Force, Navy og Marine-korps».²⁶

Artikkelen uttrykkjer ope ein *mentalitet* i USA sitt globale engasjement. I ein artikkel frå 23. april same stad og år går han inn for «ein nådelaus luftkrig» for «å pulverisere Serbia som nasjon», bombe den tilbake til det fjortande hundreåret om nødvendig. «Vil du ha 1950? Det skal vi greie. Vil du ha 1389? Det kan vi greie òg», og «Give war a chance ... Let's see what months of bombing does». Denne kjekke retorikken var sjølv sagt ikkje mynta berre på Serbia. Knyttneven kan berre ikkje vere usynleg, slik Friedman beskriv han, som handa i marknaden, om han skal vere effektiv. Demonstrasjonen av makta, eller av trugsmålet om å bruke ho, må gjerast synleg globalt, raskt og effektivt. Og då treng ein frie massemedia.

På den andre sida har dei massemedia nytta fridomen sin til å teie om at den amerikanske militærbasen Camp Bondsteel med 7000 fast stasjonert personell i Kosovo vart planlagt «månader før den første bomba vart slept».²⁷ I tida etter krigen i Kosovo og i kjølvatnet av krigen mot terror etter 11. september har USA no fått militærbasar i alle dei sentralasiatiske statane innafor den tidlegare Fellesesfienden sine grenser. Nasjonal-globaliseringa er under vegg.²⁸

Sjølv om basar på landjorda utan tvil er avgjerande i det lange løp, sikrar ei kontinuerleg utvikling av krigsteknologien ein dynamiske vekselverknad mellom den usynlege handa og knyttneven utan å vere avhengig av slike basar i same grad som før. Ny krigsteknologi og ny logistikk i moderne krigføring har gjort det mulig å ha militært herredømme over eit område utan å vere tungt til stades i det. Dei mange US-basane i dei sentralasiatiske republikkane er små, og tener som logistiske støttepunkt for aksjonar for *rapid forces*, ikkje som troppekonsentrasjonar for strategiske oppmarsjar på bakken med sikte på okkupasjon. (Ikkje ein gong Camp Bondsteel er åleine stor nok til ei slik oppgåve i Kosovo). USA og NATO-alliansen er potensielt til stades på kort varsel mest «over alt» – og berre trugsmålet om dette raske, mulige nærværet gjer omlag same nytten som det faktiske nærværet gjorde tidlegare, slik at nye alliansar og omgrupperingar mellom statar oppstår raskare enn kva dei elles ville ha gjort, og dermed nye marknader. Det er ei form for imperialism tilsynelatande mest utan territorium, gjennom spreiding av frykt *out of area* frå lufta. Den globale eliten

styrker si makt ved ikkje å bruke ressursar på militært og tungt administrativt nærvær hos *dei andre*. Oppgåva med å halde lokal lov og orden eller å gripe tak i dei sosiale utfordringane og rydde opp etter krigshandlingane, kan den trygt kan overlata dei lokale elitane, som meir enn gjerne let seg kjøpe, eller til internasjonale hjelpeorganisasjonar og FN.

Men den globale eliten er likevel ikkje så flytande at kjernen i denne ikkje treng ei trygg forankring i eit territorium, i ein politisk økonomi med plass til institusjonar og maktinstansar som heilt og fullt er dens egne. Dette territoriet er USA med sitt eineståande geografisk utgangspunkt som sikrar ryggen fri for å kunne dominere resten av verda. Visseleg Gods Own Country i eit geopolitisk perspektiv. Trugsmålet frå Irak, Nord-Korea eller al Qaida kan ikkje endre dette, sjølv om det nettopp er det propagandaen går ut på.

Utviklinga av globale institusjonar som Det internasjonale pengefondet, Verdsbanken, begge kontrollerte av USA, og alliansar som Den indre marknaden i EU, EØS, NAFTA og avtalesystem som GATT/WTO, OECD osv., er alle ikkje-fysiske kontrollmekanismar over omlag 130 «nasjonale» økonomiar tilhøyrande *dei andre*. Dei løftar kapitalismen over den territoriale, nasjonale dimensjonen og gjer han universell – med *politiske* middel, slik at den globale eliten ikkje treng å bli belasta med lokale forpliktingar og ansvar for å bøte på dei sosiale sideverknadene (*collateral damages*) av desse institusjonane si framferd.

Men slike universelle konstruksjonar må likevel ha eit fundament i ei overlegen evne til bruk av vald. Og på grunnlag av denne igjen ein verksam, internasjonal *politisk psykologi* som tilpassar dei nasjonale elitane til marknadsliberalismen sine transnasjonale, hegemoniske sanningar.

Mediaturet: Kapitalismen sitt virtuelle stadium?

Dei globale massemedia si interesse av krigen er den same som for all anna global-kommersiell verksemd: Sikre rammevilkåra for universell profittmaksimering. Forholdet mellom stormedia og krigspolitikken er derfor symbiotisk. Viktigare enn erobring av nytt land er erobring av menneska sine medvit både i og utafør dette landet. Moderne krigføring utan moderne, kommersielle media er rett og slett umulig, ikkje minst når desse krigane skal legitimerast som kamp for menneskerettar.

Den mektige bilet- og lydretorikken i tv blandar seg med statsmakta sin offisielle begreps- og førestellingsretorikk. CNN viser dei frigjerande verknadene av presisjonsbombinga og legitimerer ho gjennom sjølv framvisinga av det presise ved ho. Fascinasjonen ved det presise i bombinga blir eit virtuelt bevis for den frigjerande verknadene ved ho. Presisjon i og fascinasjon av valdsbruk er krig som estetikk. Krigen er, som vi har sett, «raffinert på et nytt nivå», ein opplagt fascistoid metafor.²⁹ Når presisjonen i bombinga sviktar, dreier det seg følgjeleg om noko tilfeldig, *collateral damages*. Viss sjølv framvisinga av

bombinga glir utafør fokus og blir forvirrende, grip styresmaktene inn overfor CNN, slik som Det kvite hus måtte gjere under Afghanistan-bombinga, dersom den allmenne patriotismen likevel ikkje er tilstrekkeleg til å fokusere på dei rette motiva.³⁰

Presis framvising krev presise begrep av eit eige slag. Den offisielle retorikken legitimerer glatt Golfkrigen og etterbombinga av Irak, krigen mot Jugoslavia og Afghanistan ut frå klart definerte menneskerettar og demokratiske verdiar. Ein kan sjølvstund oppfatte dette som grov misbruk av menneskerettane. Men ingen kan nekte for at denne språkbruken *fungerer*. Ein kan derfor ikkje bedømme verdien av menneskerettane berre ut frå deira definisjonar og gode, ja, revolusjonære intensjonar, men òg ut frå den oppgåva dei har som retoriske fenomen i den verkelege verda, deira faktiske bruk, mediebruken.

Afghanistankrigen var eit godt døme på at den sigerrike, presise krigføringa legitimerer seg i kraft av nettopp sin virtuelle presisjon. Så lenge det såg ut til at denne luftkrigen skulle bli langvarig, hadde den politiske eliten i Norge og deira intellektuelle problem med å legitimere den omfattande bombinga. Men då Taliban-regimet braut saman med eitt og bombinga framstod som ein politisk suksess, snudde stemninga momentant. Sigeren, suksessen, legitimerer alltid seg sjølv. Sigeren stadfester på ein behageleg måte retten til å forme andre kulturar og nasjonar i «vårt» bilete, ved «vår» teknologi, «vår» økonomi, «våre» politiske institusjonar, «våre» idear og ideal, spreidde og tolka gjennom «våre» frie massemedia si formidling innafor den frie mediemarknaden. Denne retten blir di meir overbevisande ettersom den sigrande mest ikkje treng vere fysisk til stades gjennom tunge okkupasjonar for å påtvinge dei underlegne sin vilje. Under mediaturet er den verkelege historia transformert til idéhistorie. Våre idear sigrar i kraft av seg sjølve. Totalitarisme er ei passande nemning for dette, i tråd med dei beste liberale tradisjonar innan statsvitskapen.

Den ærlege amerikanar: «Kosovo-tingen»

I det berømmelege forslaget til fredsavtale frå forhandlingane i Rambouillet mellom det nasjonalistiske regimet til Milosevic og USA/UCK i februar/mars 1999, altså fleire månader etter at Pentagon hadde teikna kontrakt med Brown & Roots Services om å bygge og utruste Camp Bondsteel i Kosovo mot den made-donske grensa, kravde USA at Jugoslavia skulle forplikte seg til å innføre *fri marknadsøkonomi* etter fredsslutninga (i tillegg til at NATO-styrkar skulle få ein like fri tilgang til heile Jugoslavia). Dette frimodige kravet var sjølvstund ikkje nødvendig for å gjennomføre økonomiske reformer i frikapitalistisk lei, men det er utvilsamt eit godt symptom på det ideologiske instinktet hos det nye herrefolket.

På dette punktet er den amerikanske retorikken i det heile mykje meir open og ærleg enn den sosialliberale, europeiske varianten. President Bill Clinton: «Dersom vi skal vere i stand til å ha sterke økonomiske relasjonar som inneber

at vi kan selje våre varer i heile verda, er Europa ein nøkkel ... Det er det denne Kosovo-tingen egentleg dreiar seg om».³¹

Før dette hadde EU alt byrja så smått arbeidet med å utforme dei militære føresetnadene for ein meir USA-uavhengig internasjonal politikk, med planar om på sikt å utvikle ein Eurohær. Men denne planen skaut verkeleg fart først i desember same året då EU vedtok å opprette sine eigne *rapid reaction forces* for å kunne utplassere styrkar på minst 60.000 mann *out of area* i løpet av to månader utan løyve eller hjelp frå USA.

USA/NATO sitt logistiske og teknologiske monopol på denne type krigføring har til no vore grunnlaget for å kunne lansere out-of-area-aksjonar i ly av den sjølvoppofrande, humanitære retorikken. Slik retorikk er i dag den *einaste mulige* for å legitimere krigar i NATO- (og ASEAN-)regi og er derfor like nødvendig for EU (og Japan) som for USA, både på bortebane og for folkeleg støtte heime. Då dei konkurrerande interessene i EU ikkje er sterke nok til å utfordre USA, må EU derfor både alliere seg med storebror og samstundes tevla med han om å utnytte sigeren sine frukter på Balkan. (Storbritannia sin posisjon innafor EU til dømes kan i desse dagar berre styrke seg ved at landet hylar høgast med USA.) Men dette skal det altså bli ei endring på med tid og stunder. EU førebur seg til å tale med si eiga stemme. For å få dette til, må ein først knytte sin eigen neve.³²

Irrasjonalisme som rasjonalitet

Det ville vere naivt å tru at ei stormakt ikkje har fleire motiv for sin utanrikspolitikk samstundes. Eit sentralt motiv i den aktuelle krigspolitikken har – i tillegg til menneskerettane og å verne om interessene til oljeforsyningar, investeringar og marknader i dei konkrete tilfella – vore å demonstrere USA sin globale styrke, utan at dei strategiske motiva i kvart einskild tilfelle treng vere avgrensa og fornuftige.

Etter-bombinga av Irak etter Golfkrigen (perioden 1991-2002) demonstrerer tydeleg viljen til å bruke overlegen valdsmakt utafor Folkeretten og FN-systemet sine rammer og dermed til å manifestere sin suverenitet og forakt for andre si manglande evne til å opptre på same viset.³³ USA viser at det kan plassere overlegen våpenmakt mest over alt på kort tid. Det dreier seg om viljen og evna til å løfte terroren opp på eit høgare nivå, globalisere han ved skremme andre statar til å halde seg borte når amerikanske interesser står på spel out of area. Globaliseringa sigrar på alle frontar. Dei demonstrerer evna og viljen til å bruke militær slagkraft utan å ha til oppgåve å fremje avgrensa militære mål. Den suverene har rett til å opptre irrasjonelt, når ingen kan straffe han for det. Den overlegne makta gir ein rett til å opptre utafor internasjonal lov. I desember 2002 fekk vi vite at CIA no hadde fått løyve av presidenten til å drepe framståande (som regel mørkhuda) «terroristar», kor som helst i verda. Slik kan USA å

unngå det plunder og heft som alltid følgjer med prosedyrane i ein internasjonal rettsorden.³⁴

Irrasjonalismen er på dette viset ein lekk i ein global strategi, irrasjonalitet som moment ved ein høgare, global og brutal rasjonalitet utafor dei avgrensingane og kompromissa som ein fungerande verdsorganisasjon, FN og Folkeretten, nødvendigvis må bygge på. Berre gjennom brei oppslutnad kan irrasjonalitet bli opphøgd til rasjonalitet. Dette omslaget frå kvantitet til kvalitet er heilt avhengig av dei frie media sin lojalitet. Slik lojalitet er ikkje vanskeleg ettersom det samstundes er ein lojalitet overfor media sine eigne globale, kommersielle fridomsinteresser.

Berre oppsplittande kriser kan løyse denne symbiosen opp i frigjerande motsetningar. Utviklinga av ein overskridande, ekte rasjonalitet er ein rasjonalitet som ikkje berre stadfester seg sjølv, sitt herredømme. Den føreset tvert om at det er mulig å utøve motmakt til den som har makt, altså ein mekanisme med eit minimum av maktbalanse. For ekte rasjonalitet er eit *gjensidig* fenomen, noko som gjeld *like mykje* mellom ulike partar. Partane har då nødvendigvis ulike ståstader, ulike perspektiv, ulike erfaringar – og ulike, eller berre delvis like, interesser – men må dele makta og dermed rasjonaliteten mellom seg, slik at dei kan løyse problema seg imellom, konfliktane, ved avtale og gjensidig forplikting, utan annan maktbruk enn den som er i samsvar med spelereglane i eit sams rettsapparat og ordningar for tvistemål, bruk av godtatte, ikkje-valdlege kampmiddel (streik, lockout, boikott osv..)

Slik «denne Kosovo-tingen» (Clinton) utvikla seg, hadde den mange trekk som ikkje viste noka militær fornuft, men som hadde til formål å demonstrere styrke og vilje til å slå til med dei nødvendige midla. Eg har alt peikt på at militært sett var dei serbiske styrkane ikkje slått, og at den serbiske tilbaketrekkinga frå Kosovo etter kapitulasjonen gjekk føre seg i ordna, disiplinerte former. Heller ikkje NATO si etter-bombing etter at Milosevic sin formelle og reelle kapitulasjon hadde nokon som helst *militære* føremål som helst, like lite som bombinga av dei sivile måla *før* kapitulasjonen hadde det. Etterbombinga i Afghanistan då Taliban var gått i oppløysing, hadde heller inga militær fornuft i «krigen mot terrorisme». Det er òg vanskeleg å forstå kva slik etterbombing skulle ha med menneskerettar å gjere, i den grad begrepet om desse framleis har noka mening i ein slik situasjon. Dei *politiske* motiva burde likevel vere klare nok: Demonstrasjonen av overlegen valdsmakt for makta si eiga skuld. Dermed står vi unekteleg innafør ein fascistisk horisont.

«Give war a chance»: Frå Powell til Albright

Den fascistiske dyrkinga av makta ville sjølvsagt vere fullstendig irrasjonell om den ikkje samstundes hadde til formål å terrorisere andre frå å bruke makt mot ein sjølv. Maktdyrkinga er med andre ord ein lekk i ein større maktkamp.

Problemet er at sjølv ei overlegen militærmakt mister noko av sitt terroristiske truverde om valdsmakta ikkje blir brukt.

Colin Powell lanserte i si tid som øvstkommanderande general det som er blitt kalla Powell-doktrinen: USA sin bruk av overlegne militære virkemiddel måtte i kvart einskild tilfelle ha klart avgrensa mål i samsvar med nasjonale interesser og ein klar strategi. Slik stod Powell etter Golfkrigen (1991) enno i ein krigsfilosofisk tradisjon i samsvar med Carl von Clausewitz (1780-1831) sin maksime om at krigen er ei forlenging av politikken med andre middel. Bruk av krigsmiddel må vere underordna ei politisk fornuft.

Innafor ein slik rasjonalistisk horisont er bruk av valdsmakt for makta si eiga skuld ein uting. Krigen sin rasjonalitet ligg i at han kan kontrollerast, at han kan avgrensast, og ikkje etablere ein eigendynamikk utafør politisk kontroll. Krig som rasjonell politisk åtferd føreset med andre ord eit viss minimum av gjensidig respekt mellom dei krigande partane slik at krigen kan avsluttast gjennom forhandlingar ut frå nye styrkeforhold. Rasjonelle avslutningar på krigar føreset på ein paradoksal måte at der enno er til stades ein viss folkerett mellom statane – altså den rettsinstitusjonen som har til oppgåve å hindre krig. Folkeretten inneheld difor ei rekke reglar for korleis krigar «lovleg» kan førast, når dei først er brotne ut.

Denne tenkemåten er i all sin realpolitiske kynisme langt meir human enn ein heroisme, om han no er humanitært eller fascistisk motivert. Innafor den heroiske horisonten er ein retrett på grunnlag av eit erkjent nederlaget, umulig. Ein konsekvent fascistisk krig ender derfor opp som ei total krig, slik nazi-retorikken tona ut ved slutten av Den andre verdskrigen. Då Joseph Goebbels, Hitler sin propagandaminister, i siste krigsåret medan nederlaget etter kvart var erkjent også i Det tredje riket, i ein stor tale spurde retorisk om det tyske folket ville den totale krig – «Wollt Ihr den totalen Krieg?» – fekk han eit altfor unisont ja til svar.

Men ein verdspolitisk situasjon, der det ikkje lenger finst nokon effektiv militæropolitiske maktbalanse, men berre ei hypermakt, blir med eitt det makt-politiske grunnlaget for den realpolitiske moderasjonen hos ein Clausewitz eller ein øvstkommanderande Powell endra. Valdsbruken får ein ny dimensjon. Dermed får også *trugsålet* om valdsbruk ein ny, global dimensjon. Då Colin Powell enno berre var øvstkommanderande general, var den seinare utanriksministeren, Madlaine Albright, FN-ambassadør. Ho utfordra den noko mjuke Powell, noverande utanriksminister, med følgjande: «*Kva er poenget med å ha denne overlegne militærmakta, du alltid har snakka om, viss vi ikkje kan bruke ho?*»³⁵

I dette stykket har fru Albright heilt rett sett frå USA sitt geopolitiske perspektiv, la oss kalle det *Albright-doktrinen*: Ein «sakleg» bruk av USA si militære overmakt i samsvar med Clausewitz ville redusere dei *terroristiske* effektane av ho, noko som ikkje ville vere i samsvar med USA sine nasjonal-globale interesser. Desse interessene samlar seg i eit alt historisk velkjent punkt:

Å vere den leiande krafta i verda. Den fascistiske inkarnasjonen av overmennesket har forflytta seg frå Føraren i det fascistiske partiet, som må konkurrere med andre parti inntil dei er forbodne, knuste eller jaga under jorda, til ein nasjonalstat som etter at den konkurrerande Fellesfienden er gått i oppløysing, framstår som verkeleg Overmakt.

I essayet *Tanker om krig* hevdar Umberto Eco at dei nye media og informasjonsteknologien gjer det umulig å halde krigsførebuingar hemmeleg. Det er rett. Og vidare: Ein krig der motstandaren ikkje kan bli overraska, er ein umulig krig, hevdar han.³⁶ Men er overraskingsmomentet verkeleg konstituerande for krigen lenger? Situasjonen er vel heller at den suverene krigsmakta – som ingen andre kan truge – ikkje treng halde krigsførebuingane sine hemmelege, men tvert om har ei viss interesse av at desse blir formidla og gjort kjente, slik at gjennomføringa av krigen, om mulig, ikkje blir nødvendig. I alle fall treng ein den militære førebuingstida til å bygge opp den nødvendige ideologiske førebuinga som nettopp i massemedia si tid er så mykje viktigare å utvikle enn før: Patriotisme og innøving av ein retorikk om humanitære aksjonar og menneskerettar. Eller direkte kampanjar med annonsering i stor stil, slik USA la opp til i den planlagde Irak-krigen i 2002, særleg retta mot folka i arabiske land som var skeptiske til krigen.³⁷

Dei tyske fascistane forstod poenget med dei massepsykologiske førebuingane ved hjelp av nye media svært godt. Joseph Goebbels var den første som utarbeidde ein konsekvent strategi for bruk av moderne media – radio, film og tv. Føremålet kunne vere dette: «Sjølvsagt ønskjer ikkje vanlege folk krig, korkje i Russland, i England eller for den saks skuld i Tyskland. Det forstår ein godt. Men det er, når alt kjem til alt, leiarane av eit land som bestemmer politikken og det er alltid ei enkel sak å få folket med seg, enten det no er i eit demokrati, i eit fascistisk diktatur, i eit parlament eller i eit kommunistisk diktatur. – Val eller ikkje: Ein kan alltid få folket til å gjere som leiarane vil. Det er lett. Alt du treng gjere er å fortelje dei at dei blir angrepne, og skulde fredsmakarane for mangel på patriotisme og at dei set landet i fare. Det verkar i alle slags land.»³⁸

Det klassiske overraskingsmomentet er rett og slett ikkje nødvendig for moderne krigføring, aller minst når den globale maktbalansen er oppheva. Alt i byrjinga av august 1990 vart Saddam Hussein varsla om USA/NATO sin krig i januar 1991. Etter invasjonen av Kuwait, prøvde han komme i forhandlingsposisjon med USA slik at krigen kunne bli unngått. Men Hussein forrekna seg, då han ikkje hadde forstått konsekvensane av at Fellesfienden og dermed den internasjonale maktbalansen i realiteten var borte og følgeleg ikkje kunne forstå at USA gjerne ville ha den krigen han hadde gitt dei høve til. USA visste like godt som Saddam Hussein, at dei lett ville slå Irak i krig. Og ein sigerrik krig i Golfen ville ende opp med å styrke USA sine strategiske posisjonar der.³⁹

Krigen mot Jugoslavia vart varsla alt i juni 1998 då det eine NATO-landet etter det andre sa seg villig for all verda til å delta i ein «aksjon» saman med

USA utan mandat frå FN. Men også Milosevic forrekna seg. Det fortel alt om kor uopplyst han som statsleiar eigentleg var.⁴⁰ Eit overraskingsmoment i bombinga av Afghanistan ville ikkje hatt noka taktisk meining. Tvert om: USA si grundige varsling om gjengjeld (retaliation) og krosstog (crusade) var effektivt for å bygge opp ein brei allianse og presse Pakistan på plass i denne før bombinga kunne byrje. Ein overraskingskrig mot Taliban ville ha fungert mot sitt føremål. Dessutan hadde jo USA overraskande bomba etter Osama bin Laden i Afghanistan alt i 1998 utan resultat på eit mykje tynnare grunnlag enn i 2001.⁴¹ Alt før bombinga av Afghanistan var slutt, varsla USA nye krigar mot Somalia og Irak. «Vondskapens akse» mellom Nord-Korea og Irak vart høgtidleg proklamert med trugsmål om ny bombing av sistnemnde. (I skrivande stund er denne bombinga ikkje komen i stand). Dersom USA saman med Storbritannia startar ein ny krig mot Irak, vil det føre til alvorlege problem for EU og svekke oppbygginga av ein sams EU-hær med sine konkurrerande *rapid reaction forces*. Enten vil EU då sprekke som sameint aktør på den internasjonale, storpolitiske scenen, ved at Storbritannia bryt ut, eller så må Storbritannia – som følgje av internt press mot krigspolitikken til Blair & co – legge om kursen og knyte seg nærmare til aksen Berlin-Paris. Det kan ikkje forundre om USA har som sidemotiv med krigen mot Irak å nettopp svekke EU som storpolitisk aktør. Ikkje tilfeldig har USA vore ein pådrivar for at Tyrkia og nokre av dei aust-europiske landa skal bli medlem av EU, då dette fører til at EU «importerer» nye, interne motsetningsforhold med meir USA-lojale statar og slik gjer EU handlingslamma i den globale politikken. USA si støtte til Israel sin terroristiske politikk mot palestinarane har i løpet av 2002 svekt alliansen i «krigen mot terrorisme» og dermed alliansegrunnlaget for ein krig mot Irak.

Den fascistiske kjernen

Den marknadsliberale, teknologiske fascismen uttrykkjer altså ikkje berre evna, men fram for alt *viljen* til å bruke overtaket til å utløyse krig mot dei *underlegne* utan å utsette seg sjølv for risiko og utan at ein sjølv er utsett for noko reelt trugsmål på førehand.⁴² Det dreier seg ikkje berre om det Nietzsche kalla *vilje til makt*, men vilje til bruk av *valdsmakt* mot statar, nasjonar eller folkegrupper som er taparar innafor det globale maktsystemet allereie før krigen er ein realitet. Dette ryggen-fri-syndromet, basert i overlegen evne og vilje til valdsbruk, ber forakta for veikskap oppe over tid. Dermed er eit menneskeleg element ved krigen, som historisk sett har vore til stades heilt til om lag 1990, fjerna: Faren for *gjensidig* skade og død. Friedman: «House-to-house-fighting is out; cruise misseles are in».⁴³

Vilje til makt er ikkje noko spesielt fascistisk, og slett ikkje viljen til å bruke makta. Dette er tvert om noko som er sams for alle former for realpolitikk så sant politikk har noko med makt å gjere. Det spesielt fascistiske ser ein tydeleg når maktbruken ikkje lenger har noka «fornuftig» meining, men blir totalitær og

demonstrerer ein suverenitet det ikkje må stillast spørsmålsteikn ved. Dette er heilt analogt til meir primitive manifestasjonar av rasistisk overlegenheit i nazismen. Skilnaden er at ryggen-fri-syndromet i dag langt på veg er ein makt-politisk realitet, medan den rasistiske overlegenheita berre er/var eit reint ideologisk, ja, beint fram metafysisk fenomen for å legitimere bruk av valdsmakt.

Utviklinga av så vel krigs- som produksjonsteknologien i det førre hundre-året har gradvis integrert dette fascistoide momentet i folkepsykologien i dei høgt utvikla kapitalistiske landa. Det er derfor framleis slik at den som ikkje vil snakke om kapitalisme, bør ikkje tale om fascisme. Forakta for dei andre sin veikskap er no endå meir stillteiane, men di meir effektiv. Ho kjem til uttrykk som ein sjølvsgt fascinasjon over eige, rasefritt, marknadslogisk og teknisk-vitskapleg overtak. Fascistisk arroganse treng ingen raseteori lenger, ingen førestellingar om overmenneske versus undermenneske, ingen eksplisitt, gjenkjenneleg fascistisk retorikk.⁴⁴ Og fordi arrogansen primært er stillteiane, kan han kombinerast med ikkje-populistiske førestellingar om like rettar for alle.

Makteliten i Vesten, ikkje berre USA, har *ved handling* vist at den ikkje har moralske eller språklege problem med å sameine menneskerettar med den form for kynisme som er nødvendig for å utvikle ein fascistisk politikk. Det vil vere ei alvorleg misforståing å tru at humanitære intervensjonar og menneskerettar er i motstrid med forakt for veikskap og politisk praksis som aktivt fremmer global ulikskap, utbytting og undertrykking. Tvert om, her er det ein nærast fullkomen, effektiv harmoni mellom kamp for menneskerettar og for global makt. Når den politiske eliten i USA ikkje kan forstå at nokon skulle ha grunn til å hate USA og dertil gjennomføre uforståelege terroråtak mot Pentagon og The Twin Towers, skuldast det rett og slett at den ikkje har begrep som gjer ei slik forståing mulig. Marknadslogikken og menneskerettsretorikken fortel US-eliten med ettertrykk derimot at alle er like. I mørket blir alle kattar grå. Til liks med den klassiske fascismen manglar denne eliten evna til, og interessa av, ein kritisk sjølvrefleksjon. Den har, som ein kvar annan elite, inga interesse av å sjå sin privilegerte situasjon i ein komplisert, motsetnadsfylt samanheng der forholda ikkje lenger kan forståast i liberalismen sitt forklarande lys, eller kan bli framstilte i svart-kvitt, eller som eit enkelt forhold mellom venn og fiende, mellom det gode og det vonde, mellom terroristar og ikkje-terroristar. Terroristane kan dei følgeleg berre forstå som representantar for den reine vondskap – *pure evil*.⁴⁵ «Det var ikkje berre Amerika som vart angripen den 11. september, men sivilisasjonen. Vi vart angripne ikkje på grunn av våre feil, men på grunn av våre dygder.»⁴⁶ Dette er ein moralsk subjektivisme, ein religiøs måte å forstå fienden på som vond, medan ein sjølv er god – ei forståingsform som denne eliten har sams med så vel nazismen som stalinismen.

Det globale valdsmonopolet

Utviklinga av atomvåpen, og dermed atomtrugsmålet, er utan tvil det mest eminente utslaget av teknologiske fascisme. At desse våpna først vart utvikla av og til no berre er blitt brukte av den fremste politiske representanten for våre verdiar, er ikkje tilfeldig. Den einaste gongen dei har vore brukte, over Hiroshima og Nagasaki første veka i august 1945, hadde dei ingen avgjerande, strategisk verknad for utfallet av ein krig som i realiteten alt var vunnen. Meininga med desse våpna låg på eit politisk og moralsk plan. Bruken av bombene ville tvinge fram ein rask kapitulasjon *utan vilkår*, altså utan mellomstatlege forhandlingar innafor rammene av ein folkerett. USA ville ha reint bord for å innføre *demokrati av vestleg type* i Japan, slik atombombinga vart legitimert i den amerikanske Kongressen etterpå.

Det reint pragmatiske argumentet for atomvåpenstrategien er at det er mykje billigare og organisatorisk lettare å utplassere a-våpen enn store, ståande herar. USA sine a-våpen i Europa hadde fram til omlag 1991 til føremål å redusere behovet for kostbare utplasseringar av konvensjonelle styrkar for å møte det talmessige overtaket til Sovjetunionen på dette feltet. Etter Fellesfienden sitt forsvinningsnummer er denne samanhengen berre blitt tydelegare og opnar for heilt nye perspektiv. Atomstrategien lettar presset på det alltid upopulære behovet for å skrive ut menneskap til militærtjeneste. Prinsippet om allmenn verneplikt, det einaste demokratiske innslaget i krigsmakta, kan då byggast ned. Slik blir krigsmaskina meir frigjort frå behovet for å måtte motivere soldatane politisk for å få dei til å bli effektive og disiplinerte, særleg i langdryge krigar, langt borte frå heimlandet. Samla har dette ført til ei auka profesjonalisering av krigsmakta. Dette er ein føresetnad for NATO og EU sin nye strategi med *rapid forces out of area*.

Ein av dei fremste intellektuelle for den politiske eliten i USA kring midten av førre hundreåret, Walter Lippman, hevda lenge før Sovjetunionen si oppløysing, at «atomvåpen er den perfekte oppfyljing av all militær ønsketenking». Dei opnar for krigføring «utan nasjonale krafttak, utan utskriving av soldatar, utan øvingar, utan disiplin, men berre pengar og ingeniørane sin know-how som vi har så mykje av. Her har vi det som skal til for å gjere oss til den største militærmakta på jorda, utan å måtte investere i tid, energi, sveitte, blod og tårer – og utan å måtte ta på seg store kostnader samanlikna med kostnadene med ein stor hær, flåte og luftvåpen».⁴⁷

Sjølv om denne ønsketenkinga nok ikkje heilt lar seg oppfylle i praksis, uttrykker den like fullt ein klar fascistoid tendens i Vesten. På ein paradoksal måte har det vist seg at då Sovjetunionen, som ikkje akkurat var kjent for å praktisere menneskerettane, forsvann frå den globale scenen, vart både FN-systemet, Folkeretten og kampen for menneskerettane svekt og erstatta med ein ny, meir aggressiv stormaktspolitikk med jamt hyppigare intervensjonar, legitimert med ein stadig livlegare retorikk om dei same menneskerettane.

I artikkelen *11. september 2001 – Diagnose, prognose, terapi* i dette nummeret av *Vardøger* peikar Johan Galtung på at i perioden 1890-2001 utførte USA i gjennomsnitt 1,15 intervensjonar årleg. Men i perioden 1989-2001, som vart prega av Fellesfienden sitt forsvinningsnummer, utførte USA 22 intervensjonar, altså 2,0 i gjennomsnitt per år. Dette heng dessutan saman med at når eit imperium eller hegemoni utvidar seg, blir det generelt nødvendig med stadig fleire intervensjonar for å kunne forsvare det som er vunne. Fenomenet *teknologisk fascisme* er med andre ord omspunne både av ein viss stormaktspolitikk, ein bestemt global situasjon, og ein meir generell «logikk» som gjeld for imperium under ulike historiske situasjonar. Men berre USA/NATO har nokon gong vore i stand til å praktisere krigsvald på eit globalt nivå ved utkjempe krigar med stor avstand i distanse og kort avstand i tid. USA si uttalte militære målsetting er å kunne føre minst 2 krigar samstundes kor som helt på kloten og samstundes ha evna til å springe frå ansvaret for å rydde opp etter seg og slik slippe å involvere seg i strevet med å halde ro og orden i etter-krigsområda. Dette er ein ny historisk situasjon. «Spillet om herredømme i den flytende modernitetens tidsalder blir ikke utspilt mellom 'de store' og 'de små', men mellom de raske og de langsomme».⁴⁸

Verdsrommet som territorium

Det globale valdsmonopolet er naturlegvis eksklusivt og kan berre haldast ved lag ved å utvikle valdsapparatet vidare. Under Golfkrigen 1991 sendte den amerikanske krigsleiinga ti fly på vingane for å øydelegge eitt mål. På grunnlag av massive investeringar i satelittar og satelittstyrte våpen i tiårsperioden etterpå kan eit B-52 bombefly i dag øydelegge opp til 16 mål. Eit jagarfly kan legge opp til seks mål i grus på eitt einaste tokt. «GPS-systemet gjør det mulig å peke ut mål over hele kloden, sende opp fly og styre bombene mot målet ved hjelp av en GPS-mottaker i bomben. Før ble bombemålene pekt ut og angrepet planlagt lenge før flyene gikk på vingene. Nå kan amerikanske piloter få informasjon om målene mens de er i lufta.»⁴⁹ Satelittstyrte bomber har drastisk senka prisen på krigføringa, får vi vite, slik at terskelen for å gå til krig er blitt lågare.

USA si oppheving av ABM-avtalen under Bush jr., ein avtale som i si tid vart inngått med Fellesfienden for å hindre utviklinga av eit anti-rakettvåpen, er ein lekk i utviklinga av dette monopolet. Denne utviklinga tok til alt i Reagan-perioden med Star-Wars-programmet, men vart mellombels skrinlagt. Sjølv ein skrantande Fellesfiende kunne altså i kraft av sitt reine nærvere bremsa på våpenkapløpet. Tilsvarende med prøvestansavtalen. Etter suksessen i Kosovo og demonstrasjonen av Russland si avmakt i sin eigen bakgard, vart underteikninga av ABM-avtalen stansa av det amerikanske Senatet i oktober 1999. Førebuinga av nye, underjordiske prøvesprengingar i Nevada har sidan det vore i gang. I januar 2002, to år etter at ei amerikansk forskargruppe hadde kartlagd alle dei menneskelege gena (som dei i samsvar med nyliberalismen sine lover

søker patent på), hadde USA ferdig sitt verdsomspennande militære internett slik at ingen krok på jorda lenger skal stå i slagskugge av strålane frå Pentagon. Pentagon blir då eit slags globalt vaktårn – eit panoptikon – som kan sjå inn i alle krikar og krokar utan at *dei andre* kan sjå inn i dette, knapt nok utan å vite at dei bli observert. Neste nivå er verdsrommet slik at det, om nødvendig, kan først krigar derifrå:

«USAs rom-kommando (US Space Command) skal dominere verdsrommet med militære operasjonar og forsvare US-interesser og investeringar. Integrere styrkar i verdsrommet (Space Forces) i evna til krigføring over heile feltet av konflikter ... I løpet av første del av det 21. hundreåret vil rom-makt (space power) utvikle seg til å bli eit eige og likeverdig felt for krigføring. .. Samordninga av overtak i rommet med overtak i land-, sjø- og luftstridskrefter vil føre til Fullstendig Dominans over Feltet (Full Spectrum Dominance)Verdsrommet er ein region med aukande kommersielle, sivile, internasjonale og militære interesser og investeringar. Trugsmålet mot desse viktige systema aukar også. ... Kontroll med verdsrommet betyr å ha evne til å sikre tilgangen til det, sikre at ein kan operere fritt i det og evne til å hindre andre i å bruke verdsrommet, dersom det blir nødvendig ...»⁵⁰

Dr. Strangelove i Pentagon

Når Fellesfienden no er borte, er det mindre sannsynleg enn nokon gong at NATO seier frå seg retten til førstebruk av a-våpen. Det har tvert om opna seg nye perspektiv. A-våpna er etter kvart blitt mykje meir presise og dermed *taktisk operative*. Under den gamle maktbalansen var det utenkeleg at a-våpna kunne brukast taktisk utan at det ville føre til ein total atomkrig. Skiljet mellom strategisk og taktisk bruk var berre eit teoretisk skilje, slik at ingen torde bruke «små» a-våpen for avgrensa siktemål. Dette vart klart alt i 1953 då også Fellesfienden fekk sine hydrogenbomber.

Når den overordna maktbalansen mellom atommaktene er oppheva, opnar det seg derimot eit verkeleg rom for taktisk bruk av a-våpen, utan at vi automatisk får ein total krig. Det er i dag snakk om «mini-nukes» som kan bli brukte der det er nødvendig med stor sprengkraft for «konvensjonelle» formål, altså atomvåpen som element i nye former for konvensjonelle krigar slik at skiljet mellom konvensjonell krig og atomkrig blir viska ut. Dessutan skal kjernevåpen i megatonnklassen rett og slett ha blitt for store. Dei er ikkje «truverdige» lenger.

Den offisielle krigen mot terror har utløyst nye løyvingar i militærbudsjettet for 2003 til prosjektet «The Robust Nuclear Penetrator» om å konstruere atomvåpen for å trengje djupt ned i jordskorpa for å ta terroristar som gøymmer seg i fjellholer som Tora Bora i Afghanistan. Sjølv om desse løyvingane – 15,5 mill. US\$ – er små i forhold til eit militærbudsjett på 390 mrd. \$, passar dei «som hånd i hanske med ønskene til de nasjonale amerikanske laboratoriene.

Disse laboratoriene har hatt et rekrutteringsproblem etter den kalde krigen. Revitaliseringen av kjernevåpnene og det nye våpenkonseptet har endret dette, og våpenutviklinga har bred støtte i tekniske miljøer». ⁵¹ Lekkasje frå den hemmelege 2002-rapporten frå Pentagon *Nuclear Posture Review* opnar for bruk av atomvåpen i «førebyggande krig» (preemptive war) mot «terrorstatar», sjølv om desse ikkje har kjernevåpen, for å hindre at dei utviklar slike. ⁵²

Retten til førstebruk blir med andre ord viktigare og meir eintydig for USA/NATO enn nokon gong. Presis førstebruk blir *reelt taktisk* og kan då fungere endå meir effektivt som ein paraply – eller riset bak spegelen – for bruk av konvensjonelle våpen i out-of-area-aksjonar. For skulle desse mislukkast, kan ein alltid følgje på med avgrensa bruk av kjernevåpen.

Det einaste som i ein slik nederlagssituasjon kan hindre USA/NATO i å bruke dei, er den politiske og ikkje minst moralske belastninga dette ville påføre alliansen *globalt* på tvers av alle allianseforhold, ikkje minst innerter i NATO med politisk kaos og fare for full oppløysing av alliansen. Etter Hiroshima og Nagasaki vil ikkje ein gong dei frie media kunne hindre eit slikt politisk og moralsk nederlag.

Ut av balanse

Alle meir eller mindre effektive fredsavtalar frå avtalen i Westfalen frå 1648, som avslutta 30-årskrigane, til i dag føreset ei form for internasjonal maktbalanse. Det er freden sin realpolitikk. Det er denne balansen som gjer det mulig å opprette og praktisere fredelige avtalesystem mellom eit mangfald av statar og slik etablere eit minimum av rettstryggleik mellom dei, ein Folkerett. Folkeretten er ein sivilisatorisk logikk i det internasjonale statssystemet. Denne logikken er i dag sterkt svekt.

Krigane i og mot Jugoslavia på 1990-talet var dei første i Europa etter verdskrigen, ei klar stadfesting av at maktbalansen si tid var forbi for denne gong. Kosovo-krigen ville ha vore utenkeleg med Sovjetunionen på plass i det globale statssystemet. Milosevic si strategiske feilvurdering var at han aldri forstod følgjene av dette. Han trudde at han no hadde ryggen fri for sin brutale nasjonalisme på Balkan, men gløynde at det i røynda var USA som eigentleg hadde ryggen fri på Balkan. USA sine strategiske målsettingar, som vart gjort offentlege tidleg på 1990-talet, såg han i sin nasjonalistiske blindskap heilt bort i frå:

«Vår fremste målsetting er å forhindre framveksten av en ny rival, enten innenfor området til den tidligere Sovjetunionen, eller andre steder som representerer en trussel i samme størrelsesorden som den Sovjetunionen utgjorde. Dette nødvendiggjør å forhindre enhver fiendtlig makt fra å dominere noen region hvis ressurser, under samlet kontroll, vil være tilstrekkelige til å skape en verdensmakt. Disse regionene er Vest-Europa, Øst-Asia, områdene under den tidligere Sovjetunionen, og Sydvest-Asia... Endelig må vi opprettholde mekanismene for å avskrekke potensielle

konkurrenter fra noensinne å strebe etter en større regional eller verdensomspennende rolle.»⁵³

Sjølv om den store maktbalansen er over for denne gong, er ikkje USA *aleine* i verda som stormakt. I tilfellet med Afghanistan dreidde det seg mellom anna om kontroll med vilkåra for å føre oljeleidningar frå Sentral-Asia til Persiabukta og slik gjere seg uavhengige av Iran som transittland til nokre av dei rikaste olje- og gasskjeldene i verda. Nokre av desse røyrleidningane er for lengst planlagde.⁵⁴ Kort sagt: kontroll med sentrale delar av det eurasiske kontinentet. I februar 2002, då USA hadde fått etablert militære basar i alle dei sentralasiatiske republikane og i Afghanistan med det USA-innsette regimet, uttalte Colin Powell: «Amerika vil ha langsiktig interesse og nærvær i Sentral-Asia på ein måte som vi ikkje kunne drøyme om før (11. september)». ⁵⁵ I dette perspektivet har òg militærbasen Israel sin geopolitiske *raison d'être* som forklarar til overmål USA si passive haldning til Israel si etniske reinsing av palestinarane 2002.⁵⁶

Kontroversane internt i EU, og mellom EU og USA om kva rolle NATO skal ha i den nye EU-hæren med sine eigne *rapid reaction forces* har sidan Kosovokrigen vore tydeleg i offisielle EU-dokument, sjå særleg bulletinen *European Report*. Til grunn for desse ligg ulike strategiar og konkurranseforhold i den globale politikken som òg kjem til uttrykk i konfliktane Israel/Palestina og Irak-spørsmålet. Når EU har stått solidarisk saman med USA i krigane etter 1991, skuldast det at dei, på tvers av interne konkurranseforhold, har ei overordna fellesinteresse av at ressursane og dei strategiske posisjonane i det sentrale Eurasia kan sikrast for den kapitalistiske ekspansjonen austover. Konfrontasjonar med USA i konkurranse om desse områda er ikkje i EU sine interesser slik maktforholda no ein gong er. På den andre sida treng USA politisk tilslutning frå EU for å sikre at krigane i Golfen, på Balkan og i Afghanistan får tilstrekkeleg legitimitet i «verdssamfunnet». Både EU og USA har derfor interesse av å vere til stades med eit minimum av sine militære styrkar i desse krigane, også etter at kampane er over og landområda skal organiserast politisk på nytt under FN sin legitimerande paraply, slik at USA og EU kan dra seg mest heilt ut, utan å miste kontrollen. Og Norge er alltid budd med sine speidartroppar.

«The New Empire»: Fascisme eller kommunistisk spøkelse?

Alt dette skjer under den udiskutable dominansen av *ein* nasjonalstat, USA. Aldri har vel framhaldet av globaliseringa vore meir prega av ein *nasjonalstat* enn i dag. I NATO-krigane etter 1990 har USA produsert til saman ca 98% av den militære innsatsen, Storbritannia ca. 2%. USA aleine stod i 2001 for 36% av alle ressursar som blir brukte til militæropprusting i verda i dag, meir enn dei ni neste statane til saman. I Washington snakkar ein no ope om *The New Empire*.⁵⁷

Den nye forma for strategisk suverenitet etter 1990 går ut på at den krigførande staten er heva over normalkrigen si «lov» om angrep og gjengjeld. I

kraft av eit tilnærma militært maktmonopol i global samanheng, kan denne nasjonalstaten forhalde seg til Folkeretten på ein reint opportunistisk, kynisk måte. I så måte er det ein påfallande likskap mellom USA si haldning til FN-systemet og Hitler-Tyskland sitt forhold til Folkeforbundet, den mislukka forløparen til FN. Skilnaden ligg i at den teknologiske avstanden i våpensystema og logistikken mellom USA/NATO og dei potensielle konkurrentane til denne alliansen i dag er større enn mellom Det tredje Riket og dei industrielle opponentane til dette. Liksom Hitler-Tyskland sin stormaktspolitikk var den viktigaste grunnen til Folkeforbundet sitt samanbrot, er USA sin supermaktspolitikk i dag det største trugsmålet mot FN, ikkje «bandittstatane» eller terrornettverk som al-Qaida.

På EU sitt toppmøte i Laeken seinhaustes 2001 vart det i utkastet til slutterklæring gjort framlegg om ei formulering som sa at «krigen mot terrorisme» måtte utvidast berre «etter at ein hadde henta inn tilslutnad frå det internasjonale samfunnet» (FN). Men Tony Blair, Silvio Berlusconi og Gerhard Schröder engasjerte seg og sørgde for at formuleringa vart stroken av frykt for å ergre amerikanarane.⁵⁸ For dei som ikkje er med USA, er med terroristane.

Denne «krigen mot terrorisme» er eit direkte trugsmål mot andre statar sin *indre* rettstryggleik på to måtar. USA har tatt til seg «retten» til å forfølge og arrestere folk som dei definerer som mistenkelege terroristar i andre land (utan at desse landa vågar å opponere) og stille dei for sine egne militære domstolar utafør dei sedvanlege prosedyrar for rettstryggleik, viss dei då i mellomtida ikkje alt er likviderte av CIA med sine nye fullmakter til å drepe. Samstundes følgjer dei andre statane i «alliansen mot terrorisme» ivrig opp med å skjerpe sine egne unntakslover som over alt svekkjer rettstryggleiken og dei politiske rettane til folk flest i desse landa. USA si undergraving av Den internasjonale straffedomstolen (ICC) er eit heilt naturleg utslag av den nye fascismen.

På dette viset ser vi ein samanheng mellom ein verksam internasjonal maktbalanse, rettstryggleik mellom statar og rettstryggleik innerter i dei einskilde statane. Når den internasjonale maktbalansen med sin siviliserande mekanisme er borte, eller svekt, oppstår det ein situasjon med endå svakare rettstryggleik innerter i dei einskilde statane. På ein forunderleg måte viser det seg at då Sovjetunionen, som ikkje akkurat var kjend for sin rettstryggleik, forsvann frå den internasjonale scenen, vart rettstryggleiken og demokratiet i dei anti-kommunistiske statane sterkt svekt. Er det kommunistiske spøkelseset likevel ein føresetnad for rettsstat og politisk demokrati sjølv innafor ein kapitalistisk horisont? Fascisme er derimot ikkje eit spøkelse.

(Desember 2002)

NOTER

- 1) I vekeavisa *Orientering* på slutten av 1960-åra.

- 2) Denne luftkrigen med sprengstoff og kjemisk krigføring råka i stor grad også nabolanda Laos og Kampuchea. I Vietnam vart 2 mill. menneske utsette for forgifting av ugrasmeddelet Agent Orange og nervegassar, noko som har ført til at om lag 500.000 barn er fødte med alvorlege skadar. I nokre tilfelle har dette og råka amerikanske soldatar. Bruken av nervegassen sarin under Operation Tailwind i Laos i 1970 vart dokumentert *offentleg* først i 1998, som følgje av at også amerikanske soldatar vart skadde (vinden bles i feil retning). Sarin vart først utvikla av nazistane før andre verdskrigen, men Hitler, som sjølv vart skadd av giftgass i første verdskrigen, torde ikkje bruke han. Då saka vart kjent i 1998, braut helvetet laus og det offisielle USA gjorde Operation Tailwind til ei *ikkje-hending* i amerikansk historie. Sjå William Blum *Rouge State: A Guide to the World's only Superpower*, London 2002, s 105 ff.
- 3) Dette var posisjonen til sjølv ein så skarp analytikar som Umberto Eco så seint som i 1991 i essayet *Tanker om krig*, i «Fire moralske betraktningar», Tiden Norsk Forlag, Oslo 2000. Essayet vart levert redaksjonen i det italienske forlaget «samtidig som de alliertes tropper rykker inn i Kuwait City», og «blir formodentlig lest først når alle er av den mening at Gulfkrigen har gitt et tilfredsstillende resultat, og at hensikten med den er oppnådd» (s. 13).
- 4) Hans Hoyng: «Machtvoll zu sprechen», *Der Spiegel* nr. 1, 2002.
- 5) John Pilger drøfter dette i «The Gerat Game» i boka *The New Rulers of the World*, Verso, London/New York 2002, sjå særleg s. 127. Det dreidde seg om soldatar, mange såra, som heldt til i skyttargraver i ei lengd på «meir enn 70 miles», (om lag 115 km). Sjå også «Paying The Price» av same forfattar, same stad.
- 6) Klaus Justsen i *Jylland-Posten/Bergens Tidende* 22.12.2001 med referanse til ein offisiell rapport frå Washington.
- 7) Hans Hoyng, *Der Spiegel* nr. 1, 2002.
- 8) Pax Forlag, Oslo 1969
- 9) Første gongen begrepet om *humanitær intervensjon* vart brukt etter oppløysinga av Sovjetunionen, var truleg i samband med USA sin invasjon i Somalia i 1992 og då som offisiell amerikansk språkbruk for strategien bak «Operation Restore Hope», sjå John Pilger, op.cit. s.123). Dette var tidlegare i den «klassiske imperialismen» perioden vanleg (britisk) språkbruk. Japan brukte samme ordbruk for å legitimere invasjonen av Mandsjuria. I krigane på Balkan på 1990-talet vart språkbruken grundig innarbeidd. Derimot var det langt mindre av han då Sovjetunionen enno var oppegående og den politiske retorikken måtte moderere seg i forhold til maktbalansen. Om «våre verdiar» sjå artikkelen *Krigen, våre verdiar og dei intellektuelle* i dette nummer av Vardøger.
- 10) Adjektivet *fascistoid* viser til eigenskapar som har ein fascistisk tendens i seg ved at dei står opp under utvikling av fascisme, utan sjølv å vere openbert fascistiske. Fascisme er eit samansett fenomen av mange fascistoide tendensar.
- 11) *Vår forakt for svakhet*, Pax, Oslo 1971. Ofstad oppsummerte denne forakta gjennom ein omfattande analyse av den nazistiske språkbruken og det implisitte tankegodset i han. «Forakt for svakhet» var eit uttrykt moment i Arild Haaland sin store analyse av *Nazismen i Tyskland* (Bergen 1956), men Haaland følgjer ikkje dette momentet systematisk opp der.
- 12) *Technik und Wissenschaft als «Ideologie», og Erkenntnis und Interesse*, begge på Suhrkamp Verlag, Frankfurt am Main 1968. Han fører her vidare ein teknologi-kritikk som vart artikulert alt i mellomkrigstida, mellom andre av Martin Heidegger, truleg den filosofen som hadde størst påverknad i det

tyskspråklege området under den kalde krigen – det vil seie under atomparaplyen. Når Habermas her set omgrepet ideologi i hermeteikn, er det for å signalisere ei marxistisk inspirert forståing av det – som falskt medvit (falsches Bewusstsein). Ved denne vendinga mot samfunnet går han ut over Heidegger sin filosofiske horisont.

- 13) Bruken av det personlege pronomen, 1. person fleirtal, «vi», «vår», «oss» her er min, ikkje hos Habermas, og viser til eit anonymt vi, men likevel avgrensa av ein bestemt historisk, sosial og politisk samanheng, om lag som hos Ofstad når han taler om «vår forakt for svakhet». Denne terminologien er valt for å få fram at dette «vi» er eit forhold kvar og ein er involvert i og som til slutt må formulerast politisk.
- 14) Ein kan likevel seie at effekten er ideologisk i ei meir marxistisk tyding som «falskt medvit», eller «falskt under-medvit», eit medvit som *spontan* uttrykkjer noko anna enn det gir seg ut for – utan at den som artikulerer dette, er klar over det. Med Pierre Bourdieu kunne vi kan hende her snakke om ein vestleg *habitus* som i internasjonalt politikk utgjer ein slags *politisk-kulturell kapital* som representantar frå utviklingsland, dei etter-kommunistiske samfunna osv., manglar og er underlegne i forhold til. Alle desse alternative innfallsvinklane står når alt kjem til alt likevel innafor horisonten av det kritiske ideologi-begrepet slik vi finn det hos Marx.
- 15) Japan sitt finansielle bidrag til Golfkrigen var 50 milliardar kroner, etter krav frå USA, og Japan ytte meir hjelp enn noko NATO-land «hjelp» for å dekke kostnadane med krigen.
- 16) Sjå til dømes Johan Galtung sit begrep om MGHB(A-S)-syndromet: «Mannlig, Gammel, Hvit, Borgerlig (Angelsakserne)» minoritet i artikkelen «Fra det tjuende til det tjuelførste århundre – fra krig til fred?» i dette nummer av *Vardøger*.
- 17) Allereide den klassiske fascismen viser med si teknologidyrking ut over rasismen som eit nødvendig kjennteikn ved fascisme.
- 18) Ikkje ein gong det romerske imperiet med si kolonialisering av områda mellom Midt-Austen, Nord-Afrika og Nord-England, hadde eit rasebegrep i sitt latinske mål. Dei hadde rett nok begrep om ulike folkeslag (*genus* eller *gens*). Heller ikkje gamal-gresk hadde begrep som tilsvarer vårt rasebegrep. Dette finn vi først i dei vesteuropeiske språka på 1600-talet hos vitskapsfolk som klassifiserer ulike mennesketypar «nøytralt», nærast etter botanikken sitt mønster (jfr. Linné). Først i byrjinga av 1800-talet får rasebegrepet kulturelle og etter kvart politiske (= rasistiske) undertonar som seinare vart manifeste i politikken og kulturlivet.
- 19) Sjølv innetter i den demokratiske venstresida, breier slike førestellingar seg. Sjå Erik Solheim, *Nærmere*, Oslo 1999, der han lanserer tanken om eit moderne parti etter stiftingsmodellen som blir forvalta av leiinga i partiet, slik at organisasjonen si fremste oppgåve blir å stø opp under leiande personar som på si side frontar det i media.
- 20) John Locke: *An Essay Concerning the True Original, Extent and End of Civil Government*. Chapter V: «Of Property».
- 21) George Orwell i *The Animal farm*. Det er ein av liberalarane sine komiske misforståingar at dette Orwell-ordet primært er retta mot stalinismens kritikk av «likkskapsmakeriet». Ein ser ikkje at sjølve kjernen i liberalismen er legitimering av ulikskap som likskap – og dermed at det er ein djup ironisk likskap mellom stalinismen og liberalismen.

- 22) Intervju i *Wirtschaftswoche* nr. 11, 1981, sitert etter Birgitte Young og Simon Hegelich: «Neue Weltordnung» i *PROKLA* 125, 2001. Von Hayek var saman med Milton Friedman den teoretiske læremeisteren til ideologen bak Pinochet sitt kupp i Chile i 1973, sjå nedanfor.
- 23) Forholdet mellom makt og rett i denne samanhengen blir drøfta nærmare i artikkelen «Krigen, våre verdiar og dei intellektuelle» i dette nummer av *Vardøger*.
- 24) På eitt punkt er det likevel eit klart samsvar mellom gamal og ny fascisme og som ein berre vanskeleg kan nekte for: antimarxismen. Dei evige påminningane om Marx sin død ikkje berre stadfestar han som spøkelse, men er eit nødvendig ritual i mest all (post-)moderne, liberal tenking.
- 25) Young og Hegelich, *PROKLA* 125, op.cit.
- 26) 28. mars 1999, sitert etter Ellen Meiksens Wood «Kosovo and the New Imperialism» i Tariq Ali (ed.) *Masters of the Universe? The Balkan Crusade*, Verso, New York/London 2000. Friedman oppfatar US-knytteneven merkeleg nok som «usynleg» i analogi med den opne, men skjulte handa i marknaden. I følgje *New York Times* gjekk Friedmans kommentar i trykken alt før bombinga av Jugoslavia byrja natt til 24. mars.
- 27) Oberst Robert L. McClure i det amerikanske tidsskriftet for ingeniørar *Bulletin*, sjå www.realitymacedonia.org.mk/web/news_page.asp?nid=183. Det viser seg at dei amerikanske styresmaktene hausten 1998 skreiv kontrakt med det verdsomspennande amerikanske entreprenørfirmaet Brown & Root Services om å planlegge og utruste det som seinare vart Camp Bondsteel og at den amerikanske krigstaktikken gjekk ut på ei slik baseetablering så raskt som mulig i følgje Paul Stuart i artikkelen «WSWS: Camp Bondsteel And America's Plans To Control Caspian Oil», referert samme stad. Camp Bondsteel ligg like ved den makedonske grensa og kontrollerer Makedonia derfrå.
- 28) Geofascisme, kalla Johan Galtung det i eit føredrag på globaliseringskonferansen i Oslo 1. desember 2002.
- 29) Sjå fotnote 6.
- 30) Då US-media byrja vise krigsbilete av sivile ofre for bombinga i Afghanistan, bad Washington om at slike reportasjar alltid måtte minne sjåarane om 11. september og slik finne sin rette plass i «krigen mot terrorisme». Alle dei store tv-selskapa innretta seg patriotisk etter dette. Kort tid etter 11. september signaliserte Bush overfor Hollywood at ein nå forventa patriotiske varer derfrå. Slike inngrep overfor media er like gamalt nytt som media sjølve. Det globale omfanget og dei estetiske verknadene av dei (fascinasjonen, underhaldningsverdien) er likevel noko nytt – som følgje av nye, globale produksjonsforhold for media og nye produksjonsmiddel (teknologi).
- 31) President Bill Clinton i mars/april 1999, sitert etter Benjamin Schwartz og Christopher Lane i «The Case against Intervention in Kosovo», *The Nation* 19. april 1999. Sitert etter Ellen Meiskins Wood, «Kosovo and the New Imperialism» i Tariq Ali (ed.) *Masters of the Universe? The Balkan Crusade*, Verso, New York/London 2000: «If we're going to have a strong economic relationship that includes our ability to sell around the world, Europe has got to be a key That's what this Kosovo thing is all about.» I NRK si dagsnytt-sending om morgonen 24. mars 1999 vart passasjen i Clinton sin tale der han snakka om «dei nasjonale interessene» til USA på Balkan, referert. I alle seinare referat av denne talen samme dag (og seinare) vart referansen til dei nasjonale interessene sløyfa i dei frie media.

- 32) Dette konfliktpunktet mellom USA og EU er for lengst blitt fast inventar i dei politiske møta mellom desse og i NATO. For tida står striden om i kva grad EU-styrkane samstundes skal vere NATO-styrkar og omvendt. USA sitt endå større politiske og psykologiske overtak innerter i NATO etter 11. september har gjort framgangen for EU sine rapid forces vanskelegare.
- 33) Desember 2002.
- 34) NTB og Reuter 16. desember 2002. Dette nyhendet fekk ein heilt underordna plass i dei frie massemedia i Norge.
- 35) Eric Schmitt «The Powell Doctrine is Looking Pretty Good Again», *New York Times* 4. april 1999, sitert etter Ellen Meiksins Wood, op.cit.
- 36) *Fire moralske betraktningar*, s. 13 ff
- 37) USA førebudde hausten 2002 ein annonsekampanje i arabiske land til ein kostnad av US\$ 200 mill. for å rettferdiggjere krigen mot Irak. Sjå www.state.gov/r/adcomp/ (Office of Global Communication under utanriksdepartementet i USA). Sjå også www.state.gov/documents/organization/13622.pdf der regimet gjer greie for sin globale mediestrategi for å «motverke mistydingar» om amerikansk politikk i andre land sine media.
- 38) Herman Göring, Hitlers sjef for Luftvåpenet, sitert etter www.transnational.org 03.10.2002.
- 39) Eit resultat var etablering av militære USA-basar i Saudi-Arabia. Det var skamma over dette som i si tid gjorde at Osama bin Laden skifta side og vende seg mot USA etter først å ha vore ein CIA-skolert fridomskjempar mot Sovjetunionen i Afghanistan i 1980-åra.
- 40) I tillegg var Milosevic sitt regime i 1998 informert av den franske NATO-etterrettingsoffiseren Pierre-Henri Bunel, som samstundes informerte NATO om Milosevic si evne til å gjennomføre fordrivingar («etnisk reinsing») dersom Serbia vart angripen i luftkrig. Verken Milosovic eller NATO ville tru på dei informasjonane dei fekk. Som takk for innsatsen for, om mulig å hindre ein humanitær katastrofe, vart Bunel arrestert i oktober 1998, om lag ½ år før krigen braut ut. Sjå min artikkel «Om politisk skam» i *Vardøger* 26, 2000.
- 41) Om Taliban-regimet gjorde rekning med ein krig av det omfanget dei fekk oppleve i 2001 som følgje av at det ga gjesteplass for Osama bin Laden & co, kan berre ettertida fortelje oss. Vi veit ikkje ein gong i kva grad Taliban var informert om terroråta 11. september eller på nokon måte hadde gjort seg «fortent» til bombing med fly og hangarskip frå andre verdsdelar. Hadde Taliban kontroll med bin Laden, eller var det omvendt, eller hadde ingen av dei kontroll med den andre?
- 42) Verken Irak, Serbia eller Afghanistan stod for nokon «tryggingsrisiko» for USA/NATO – ikkje ein gong trugsmål mot vitale amerikanske/vestlege interesser: Viss det er noko Saddam Hussein vil, er det å selje olje til Vesten (til best mulige prisar sjølvsagt.) Og Slobodan Milosevic – kva anna ville vel denne tidlegare, noko korrupte bankfunksjonæren heller enn å handle med Vesten? Taliban heldt rett nok hus for Osama bin Laden, men var dei dermed eit trugsmål mot USA? Og i så fall, kunne dei ikkje handterast på andre måtar enn med krig?
- 43) *New York Times* 23. april 1999.
- 44) Retorikk om over- og undermenneske framstår i dag som ufyseleg og gamaldags, noko som berre nynazistar, frustrerte, aggressive unge menn frå underklassane forfektar, fordi arbeidskrafta deira ikkje har nokon plass innafor

den oppbyggelege marknadslogikken eller dei teknisk-vitskaplege utdanningsinstitusjonane som betre kunne sosialisere dei i samsvar med tidas krav. Følgjeleg lever dei i randsona av samfunnet der dei ikkje kan skape noko fascistisk trugsmål.

- 45) Dette er offisiell Kvite-Hus retorikk for massemedia. Statsminister og teolog Kjell Magne Bondevik snakka i nyårstalen 2002 om «å sette en grense mot ondskaben».
- 46) Senator Joseph Lieberman, november 2001, siterte etter William Blum, op.cit., s.x.
- 47) Etter Stephen van Holde og Lars Mjøset, «Killing for the State, Dying for the Nation. An introductory essay on the life cycle of conscription into Europe's armed forces», *Comparative Social Research*, Vol. 20, Amsterdam/London/New York 2002.
- 48) Zygmunt Bauman i essayet «Communitas – Fellesskap», i essaysamlinga *Flytende modernitet*, Vidarforlaget AS, Oslo 2001, s. 214. Bauman sin «fenomenologiske sosiologi» evner å gripe mange av dei karakterdraga som konstituerer den moderne fascismen (eit begrep han ikkje brukar i denne samanhengen). Men til liks med mykje av sosiologien elles artikulere han ingen samanheng mellom desse fenomena og den politiske økonomien ved ein kritikk av dei ibuande mekanismene i denne og korleis desse spring ut av dei sosiale relasjonane (klasseforholda) som sosiologien i siste instans må dreie seg om. «Men vårt samfunn ... er definitivt og bestemt ikke åpent for kritikk etter den modellen som ble anlagt av grunnleggerne av den kritiske skolen og som de anvender sin teori på» (s. 36). Han tenker her på Horkheimer og Adorno som med sin kritiske teori enno stod innafor horisonten av Marx sin kritikk av den politiske økonomien.
- 49) Forsker Ståle Ulriksen, Norsk utenrikspolitisk institutt, til *Dagbladet* 21.12.2002. Han legg til: «Der USA før måtte slippe flere bomber for å slå ut mål, holder det med en bombe.»
- 50) *United States Space Command: Vision for 2020*, framlagt i 1997 i Colorado av plandirektøren for U.S. Space Command. Sitert etter William Blum, op.cit., s.25)
- 51) Stipendiat Morten Bremer Mærli, Norsk utenrikspolitisk institutt, kronikk i *Aftenposten* 11.09.2002
- 52) Ein leiarartikkel i *New York Times*, ei avis som ikkje akkurat er kjent for si kritiske haldning til Pentagon, frå mars 2002, hadde overskrifta «Amerika som kjernefysisk røverstab» (sjå førre fotnote). Mærli konkluderer kronikken i *Aftenposten* slik: «Hittil har den amerikanske politiske ledelse gjort hva den kan for å rasere skiller mellom konvensjonelle og kjernefysiske våpen Dr. Strangelove er tilbake i Pentagon.»
- 53) Det nasjonale tryggingrådet i USA, UD og Pentagons «Rettledning (1992) til forsvarsplanlegging i finansperioden 1994-99», sitert etter *Klassekampen* 17. september 1999.
- 54) For oversikt over planlagde olje-/gassleidningar gjennom Afghanistan, andre delar av Sentral-Asia og del av Balkan, sjå Eric Follath: *Jäger des schwarzen Goldes* i *Der Spiegel* nr. 52, 2001.
- 55) *Sydney Morning Herald* 11. februar 2002, sitert etter John Pilger, *The New Rulers of the World*, Verso, London/New York 2002, s.105.

- 56) Dei fascistiske karakterdraga ved Israel sin politikk andsynes palestinarane skulle det ikkje vere nødvendig å peike på her ut over samanhengen med USA sine globale interesser. 20. desember 2002 la USA som einaste land ned veto i Tryggingsrådet i FN mot ein resolusjon som fordømer Israel sine drap på FN-personell i Palestina og Israel i løpet av hausten 2002. Same dag la USA som det einaste av dei 144 landa som er medlem av WTO ned eit tilsvarande «veto» i WTO mot at u-land kunne skaffe seg billige medisinar mot epidemiar som AIDS, malaria og tuberkulose – for å sikre den amerikanske legemiddelindustrien sine patentinteresser.
- 57) Yale-historikaren Paul Kennedy, referert av Hoyng i *Der Spiegel* nr. 1, 2002. Han meiner at det nye, interne slagordet i Washington sine Think Tanks om «The New Empire» speglar ei makt som overgår både det romerske og det britiske imperium. Tala er frå før Bush la fram militærbudsjettet for 2002. Det nye militærbudsjettet på \$400 milliardar vil vere 50% av alle militærutgifter i verda i 2002 viss andre land ikkje aukar tilsvarande. Jan Öberg: *Bush's State of War Address*, TFF 30.01.2002 (www.transnational.org). Under eit søk i desember 2002 mot www.britannica.com dukka det opp på heimesida for *Encyklopaedia* eit kommersielt vindaug for US-Army, www.GoArmy.com med tre peikestader, Enlistment Bonus, Partnership for Youth Success og Learn about the online Game – den siste med «Click about the Army's new interactive PC-game». Men ikkje ein gong tilgangen til denne vidunderlege virtuelle verda er gratis. Får å komme inn på gamet, må ein registrere seg som kunde og betale for det, som for ei kvar anna vare.
- 58) *Der Spiegel* nr. 1, 2002.